Nemnda er av den oppfatning at en bør være varsom med å tillate for mange dialektnære skriveformer. Stedsnavnlovens formål - kulturminnevern i form av vern om stedsnavn - taler for å velge skrivemåter som er stabile over tid, og som forstås av flest mulig. Det kan oppstå konflikt mellom ønsket om å bevare dialektuttale i stedsnavnenes skriftlige form og ønsket om at stedsnavnets betydning skal fremgå klart for alle uansett dialektbakgrunn. At skrivemåten skal ta utgangspunkt i den nedarvede uttalen, er for så vidt en støtte til synspunktet om den dialektnære skrivemåtens forrang. På den annen side sier loven også at skrivemåten skal følge vanlige rettskrivningsprinsipper. Her er en innebygget motsetning.

Noe løses ved listen over regionale samleformer, som avviker fra rettskrivingsprinsippene. Det fremstår som en fornuftig mellomløsning, ettersom det da ikke åpnes for de helt lokale dialektformene, men for ordformer som i kraft av å være regionale samleformer, lettere vil være kjente for flere. Etter nemndas mening bør listen over disse samleformene ikke være for lang, og den bør ikke revideres uten etter nøye overveielse. Det bør også fastsettes en saksbehandlingsmåte for revisjonene. Det er et viktig prinsipp at borgerne skal kunne forutberegne sin rettsstilling; dette prinsippet må også gjelde for vedtak om skrivemåten av stedsnavn, slik at både vedtaksorganer og alle som skal benytte stedsnavnene, kan være noenlunde sikre på at vedtakene er lovriktige. Det vil også forbygge mange klagesaker, noe som i seg selv er et gode.

Oslo, 10.01.2018

For klagenemnda

Marit Halvorsen

leder

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 Oslo

Høyringsfråsegn om reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn

ISL, NTNU vil generelt gi uttrykk for at den forenklinga av særreglane som det er lagt opp til, er positiv, og at ein med dette vil få ein meir tenleg arbeidsreiskap i offentleg normering av stadnamn. I det følgjande vil vi likevel gi noen kommentarar til enkelte punkt.

Vi merker oss at dette inneber ei viss liberalisering når det gjeld å sleppe til dialektformer. Samstundes er det skissert eit hierarki der rettskrivingsformer og regionale samleformer er likestilte, medan lokale dialektformer står på eit nivå under og «kan veljast når særlege grunnar talar for det». I den samanhengen er vi forundra over behandlinga av jamvektsorda i tabellen under punkt 2 «Ordformer». Her er typen med enkel konsonant i rotutlyd (*haga, hågå, måså, stugu*) plassert som «regional samleform», medan former med dobbel konsonant i same posisjon (*hagga, haggå, måsså, stuggu*) er sett på nivået under, og altså berre kan veljast «når særlege grunnar talar for det». I jamvektsområdet er formene med kort rotvokal og lang konsonantisme mykje utbreidd (nesten einerådande i trøndersk dialektområde), og det er ein godt etablert normeringspraksis med dobbel konsonant i denne ordtypen. Vi ber om at jamvektsformer som *hagga, haggå, stuggu* og *måsså* blir løfta opp frå lokal dialektform til regional samleform. Skiljet mellom regionale og lokale former verkar tidvis lite gjennomtenkt.

I einskilde høve kan det sjå ut som liberaliseringa går i lengste laget. Det verkar t.d. unødvendig å føre inn formene *tjeinn* og *tjøynn*. Dei er godt nok dekte av *tjenn* og *tjønn*. Likeeins bør det vere unødvendig å operere med parallellformer *tjedn* og *tjeddn*, *tjødn* og *tjøddn*. For konsekvensens del bør ein inkludere andre ord med same struktur som er frekvente som namneledd, først og fremst bjørn og kvern, men også horn.

Postadresse 7491 Trondheim	Org.nr. 974 767 880 E-post: annlaug.bjorsnos@ntnu.no isl@hf.ntnu.no http://www.hf.ntnu.no/isl	Besøksadresse Dragvoll rom 5555 7049 Trondheim	Telefon Telefaks + 47 73 59 61 19	Prof., Dr Annlaug Irene Bjørnsnøs
--------------------------------------	---	--	---	---

Lokale former som «tjeinn/tjøynn» bryt med prinsippet om å følgje gjeldande rettskriving (tjern/tjørn). Dei gjer dessutan namna vanskelege å skjønne for utanbygds folk, og bryt såleis med føremålet i Stadnamnlova om å gje namn «som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet».

I bøyingsverk (punkt 3) noterer vi oss at ein no opnar for å markere palatalisering i bunden form eintal av hokjønnsord som endar på -k eller -g (t.d. *-vikja*). Generelt sett burde også dette vere unødvendig, og det bryt i stor grad med etablert normeringspraksis. Det er også eit trekk som er på rask veg ut av talemålet mange stader. Men skal ein først opne for slik markering, bør det for konsekvensens del også bli gjort i tilsvarende hankjønns- og inkjekjønnsord (*-bekkjen*, *-stykkjet*, *-råkjet*).

Med vennleg helsing



Annlaug Bjørshø

Instituttleder

Institutt for språk og litteratur

NTNU



Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Høringssvar fra Finnmark fylkeskommune: Høring om reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn - Språkrådet

Finnmark fylkeskommune har mottatt høringsbrev fra Språkrådet med et framlegg til reviderte særregler for skrivemåten av norske stadnamn.

Finnmark fylkeskommune er opptatt av å legge til rette for økt bruk av kvenske og samiske stedsnavn. Finnmark fylkeskommune støtter all innsats for å dokumentere og bevare samiske og kvenske stedsnavn, samt tiltak som bidrar til å legge til rette for synliggjøring og økt bruk av disse. Turskiltprosjektet er et nasjonalt prosjekt som Finnmark fylkeskommune deltar i, og hvor fylkeskommunen i sitt område oppfordrer til bruk og synliggjøring av samiske og kvenske stedsnavn.

Det er Finnmark fylkeskommunes inntrykk og erfaring at skilting og bruk av minoritetsspråklige stedsnavn blir unødig komplisert av et innfløkt regelverk. I vårt område går dette spesielt ut over kvensk og samisk, ved at regelverket er for vanskelig til at eksempelvis tiltakshavere føler de kan gjennomføre minoritetsspråklig skilting. Derfor ønsker fylkeskommunen Språkrådets framlegg til reviderte særregler for skrivemåten av norske stedsnavn velkommen, som del av den samlede innsatsen for å forenkle og styrke lovverket rundt bruk av stedsnavn.

Fylkeskommunen håper gjennomgangen av stedsnamnlovgivning og tilhørende regelverk vil innebære en styrking av mulighetene til å bruke og synliggjøre samiske og kvenske stedsnavn i det offentlige rom.

Finnmark fylkeskommune støtter Språkrådets forslag om å forenkle struktur og ordlyd samt å gjøre et tydeligere skille mellom forskrift og veiledningsdel. Forøvrig har fylkeskommunen ingen navnefaglige merknader til framlegget.

Vennlig hilsen

Tore Gundersen
Kultur- og miljøsjef

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikke underskrift.

Dokumeanta lea elektronalaččat dohkkehuvvon ja dan geažil das ii leat vuolláičálli nammačálus.

Språkrådet
Postboks 8107 Dep

0032 OSLO
Norge

Dykkar ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 17/00001-149

10.01.2018

Ark.: 008

Høring om reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn

1. Innleiing

Me viser til høring datert 11.10.2017 med Språkrådet sitt framlegg til reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn.

Det går fram av høringsteksten frå Språkrådet at framlegget til reviderte reglar for skrivemåten av norske stadnamn er ei *utfylling* til § 3 i forskrift om stadnamn. Framlegget kjem etter at lov om stadnamn vart revidert med ein ny lovtekst som tredde i kraft 01.08.2015, og etter at forskrift om stadnamn, som avløyste forskrift om skrivemåten av stadnamn, tredde i kraft 23.05.2017.

Av dette fylgjer ei forventning om at innhaldet er i samsvar med det som står i lov- og forskriftsteksten om normering. Me vil her byrja med ein gjennomgang av dei paragrafane i lova og forskrifta som handlar om normering. Desse paragrafane dannar grunnlaget for endringane ein kan gjera. Deretter vil vi, i relasjon til desse rettskjeldene, sjå på dei substansielle endringane som er føreslege. Etter det me finn, går dei konkrete reglane for korleis stadnamn skal normerast fram av § 1 fyrste ledd og § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og av § 1 og § 3 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.

2. Lovgrunnlag

§ 1 fyrste ledd i lov om stadnamn:

Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.

Språklege kulturminne

Det kan vere ulike syn på kva skrivemåte som best tek vare på kulturminneaspektet: historiske former, dialektnære former eller former normerte etter skriftspråket. Omsynet til stadnamn som språklege kulturminne i lova må difor forståast til å dreia seg meir om namnevalet og at tradisjonelle namn vert haldne i hevd, og i mindre grad om normeringsval.

Praktisk skriftform

Kravet til at skriftforma til stadnamnet skal vera praktisk, er ført opp som eitt av formåla med stadnamnlova. Her er nokre moment som saman medverkar til å gjera ei skriftform praktisk. Skrivemåten bør gjera det lett å:

- uttala og formidla namnet munnleg
- skriva namnet (overføring frå tale til skrift)
- lesa namnet
- sjå om namnet er skriva rett eller gale
- skjøna meiningsinnhaldet i namnet
- hugsa namnet

Ytterpunktta i diskusjonen mellom dialektnormering og normering etter norsk skriftspråk kan eksemplifiserast med stadnamnet *Slåttheaugen* frå Hardanger, som kunne skrivast *Slaottuheujen* dersom ein la seg nær opp til den tradisjonelle dialektuttalen. Skrivemåten *Slaottuheujen* ville utvilsamt vera ei langt betre attgjeving av den tradisjonelle uttalen av namnet, men han ville ikkje oppfylle nokon av krava til ein praktisk skrivemåte.

Ein skrivemåte som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet

Alle i Noreg lærer i dag bokmål og nynorsk på skulen. Dei fleste har større vanskar med å lesa tekstar skrivne på t.d. svensk, dansk eller på dialekt. Sjølv om dei fleste orda i svensk, dansk og i dialektane er kjende for lesaren frå før i ei litt anna form, vert avkodinga av teksten tyngre fordi ein ikkje er van med det skriftbiletet ein møter. Skrivemåtar som ikkje er i samsvar med skriftspråket, skyggjer såleis i nokon grad for meiningsinnhaldet i stadnamna, noko som òg tilseier at ein er noko tilbakehalden i bruken av dialektformer.

Stabilitet over tid

Stabilitet i skrivemåten er ein fordel for så vel stadnamn som skriftspråket elles. Dersom ein ynskjer stabilitet, krev det at ein held seg til ein fast standard for normering over tid. Her vil skriftspråket vere ein meir stabil standard enn dialektar i rask endring. Omsynet i lova om at skrivemåten skal vera praktisk, tilseier difor at ein bør leggja skriftspråket til grunn i størst mogleg grad når ein fastset reglar for normering av stadnamn.

§ 4 fyrste ledd i lov om stadnamn:

Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk.

Regelen om å ta utgangspunkt i nedervd lokal uttale inneber at ein skal undersøkje kva som er tradisjonell uttale før ein fastset skrivemåten av eit stadnamn, og at skrivemåten i utgangspunktet skal leggjast så nær uttalen som norske rettskrivingsprinsipp tillèt. Det tyder likevel ikkje at ein ved normering skal gje att alle dialekttrekk. Ein skal som hovudregel fylgja dei rettskrivingsprinsippa som gjeld elles i norsk, sjølv om utgangspunktet er dialektuttalen. Regelen om å fylgja norske rettskrivingsprinsipp er ein skal-regel etter lova.

§ 1 i forskrift om stadnamn:

Stadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, når ikkje anna følgjer av reglane nedanfor.

Stadnamn som inneheld utdøydde eller uklare språkelement, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp.

Har skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp.

Paragraf 1 fyrste ledd i forskrifta fastset altså at så lenge eit namneledd er allment forståeleg, skal det skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, med mindre ein av dei andre paragrafane i forskrifta opnar for noko anna. Tredje ledd fastset at ein likevel kan fråvika gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp viss ein skrivemåte har vore lenge i bruk, og er

vel kjend og innarbeidd. Dette må likevel forståast som ei unntaksføresegn, jf. skal-regelen i § 4 fyrste ledd i lova om at gjeldande rettskrivingsprinsipp skal fylgjast.

§ 3 fyrste ledd i forskrift om stadnamn:

Skrivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma eller regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen. Lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det.

§ 3 i forskrifta gjentek det som står i lova og forskrifta om at rettskrivingsformer skal nyttast, men fører i tillegg opp regionale samleformer som likestilte med rettskrivingsformer. Ein må her leggja til grunn at regionale samleformer òg skal vera i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk dersom dei skal vera autoriserte som normeringsformer, jf. § 4 fyrste ledd i lova og § 1 fyrste og andre ledd i forskrifta.

§ 3 opnar i tillegg for lokale dialektformer, men berre viss «særlege grunnar talar for det», altså er dette å rekna som ei unntaksføresegn som krev at særlege vilkår er til stades.

3. Språkrådet sine framlegg til endringar

Slik me oppfattar det, er det ingen vesentlege endringar i reglane Språkrådet føreslår i avsnitt 1 og avsnitt 2.1, 2.3, 2.4, 2.5, 2.7, 2.8, 2.9, 2.11, 2.13, 5 og 6. Kartverket har ingen merknader til desse føresegnene, men støttar at reglane vert vidareførde som tidlegare.

Avsnitt som inneheld framlegg til endringar:

2 Hovudformer

I avsnitt 2 gjer Språkrådet greie for skiljet mellom rettskrivingsformer, regionale samleformer og dialektformer. Dei understrekar her konsekvens og einskap, dvs. at «same ordet eller same målmerket som hovudregel blir skrivne likt innanfor same dialektområde/kommune». Det er noko Kartverket støttar. Me meiner derimot at det er uheldig å føra opp ein tabell over rettskrivingsformer, regionale samleformer og dialektformer nedst i avsnittet. Me meiner det er feil å føra opp *håggå* som dialektform heller enn regional samleform (jf. pkt. 2.2 nedanfor). Sjølv om det står presisert at det er ei dømeliste, kan formene der fort oppfattast som offisielle når dei er førde opp med namns nemning. Til dømes kan det oppfattast som at *tjøynn* kan tillatast «i særlege tilfelle», noko me reknar med at ikkje er tilfelle.

2.2

I område med jamvektsformer kan rotvokalen og den trykklette vokalen i andrestavinga skrivast i samsvar med dialektuttalen (bråtan, hagan, stugu). Til dømes vil /hag:an/ og /ha:gan/ kunne skrivast Hagen (rettskrivingsform) eller Hagan (regional samleform).

Kartverket går imot denne innstramminga. Me ser ikkje grunnlag for å kalla kvantitetsskilnader for dialekttrekk, medan vokaljamning vert kalla regionale samleformer. Utviklinga av kort rotvokal frå gamalnorsk kort vokal må òg reknast som eit regionalt trekk som kjenneteiknar jamvektsformer, særleg i Trøndelag. I dei gamle særreglane vart det derimot skilt mellom vokaljammingsformer, som skulle brukast, og konsonantdublering, som kunne brukast. Det er eit skilje me ynskjer ei vidareføring av.

2.6

I område med uttalen nn eller dn for rn kan nn eller dn brukast. Uttalen /kjenn/kjønn/ vil kunne skrivast Tjern/Tjørn (rettskrivingsformer) eller Tjenn/Tjønn (regionale samleformer). Uttalen /kjeddn/kjøddn/ vil kunne skrivast Tjern/Tjørn (rettskrivingsformer) eller Tjedn/Tjødn (regionale samleformer).

Kartverket går imot denne endringa fordi ho vil bryta med hovudregelen i lova og forskrifta om skrivemåtar som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet. Ei slik endring bryt òg med hovudprinsippet om å fylgja gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp. I norsk rettskriving brukar me eit etymologisk prinsipp i ord med -rn-. Sjølv om denne konsonantsekvensen har gått over til -nn- eller -dn- i dei fleste dialektane, nyttar me -rn- i skriftspråket i samsvar med opphavet i skrivemåten av desse orda, t.d. i tjern/tjørn, bjørn, horn, barn osv. Skrivemåten -rn- *representerer* ulike uttalar, og er ikkje til hinder for at folk i dialekten kan uttala namn som inneheld denne konsonantsekvensen som -dn-. Fordelen med etymologisk skrivemåte er at han kan fungera som ein fellesnemnar for heile landet.

Kartverket føreslår at framlegget om å opna for skrivemåten -dn- for -rn- utgår. Ei uttrykkjeleg kodifisering av skrivemåten -dn- kan føra til at dialektskrivemåtane vert oppfatta som ein hovudregel, og vil då føra til brot med den skrifttradisjonen som finst frå før, inkonsekvensar frå kommune til kommune og problem for mange brukarar med å skriva namn i Sentralt stadnamnregister (SSR) rett. Då det i si tid vart opna for skrivemåten -nn- i t.d. *tjønn* og *tjenn*, vart det m.a. vist til at *tjønn* var ei tidlegare rettskrivingsform. Det har aldri formene med -dn- vore, og me meiner at ei opning for -dn- vil viska ut skilnadene mellom normert skriftspråk og dialekt.

2.10

I område med uttalen ø for gammalnorsk kort o og ɔ kan ø brukast (ødde, strønd).

Kartverket går imot denne endringa, som vil bryta med hovudregelen i lova og forskrifta om at skrivemåten av stadnamn ikkje skal skyggja for meiningsinnhaldet. Skrivemåtar med ø for gamalnorsk kort o og ɔ inneber i praksis at nesten alle ord med kort o i norsk i tillegg til nokre ord med lang o eller å kan skrivast med ø i stadnamn. Det bryt klart med hovudprinsippet i lova om å fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk. I norsk brukar me etymologisk skrivemåte av slike ord i dag. Ord som fonn og odde vert ikkje uttalte med trong o-uttale i norsk, dei har ein etymologisk skrivemåte som viser attende til det lydlege opphavet, slik det òg er i dansk og svensk. Uttalen i norsk varierer frå /å/ til /ò/ og /ö/ i ulike dialektar. I dialektar med ö-uttale er slik uttale ein generell fonologisk regel, slik at t.d. vesttelemarkingar og valdrisar like gjerne kan seia /vöss/ om Voss og /hø:neföss/ om Hønefoss sjølv om desse namna vert skrivne med o. Det vil såleis vera misvisande og unødvendig å skriva stadnamn i dei områda dei har slik uttale med ø, for uttalen knyter seg til dialekten, og ikkje til konkrete stadnamn i og for seg. Det vil òg vera urimeleg og verka rart om folk som ikkje har dialekt med /ö/-lyd av kort o skulle uttala norske ordledd som *foss*, *odde* og *horn* med ø-uttale: *föss*, *ødde*, *hørn*.

2.12

For sterkt avvikande målføreformer kan ein leggje skrivemåten nær opp til dialektuttalen (fjødd for fjell, hedde for helle, kvev, kvæv for kvelv, høy for haug, litj- for litl-, håggån for hagen). Lokale former kan nyttast meir i førsteleddet enn i sisteleddet i samansette namn (Stylfjellet, men Fillstølen).

Dette avsnittet bryt klart med § 1 fyrste ledd i lova: *Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet.* Kartverket vurderer det generelt som uheldig å kodifisera sterkt avvikande målføreformer som ifylgje § 3 i forskrifta berre «kan veljast når særlege grunnar talar for det». Når desse vert førde opp med namns nemning, framstår det fort som ein hovudregel å bruka dei heller enn rettskrivingsformene.

Kartverket føreslår at heile avsnittet vert stroke. Det må gå fram av kvar konkrete sak kva som er «særlege grunnar». Jamvektsforma *håggån* høyrer ikkje heime i dette avsnittet, jf. avsnitt 2.2 ovanfor. Me ser ikkje noko fagleg eller juridisk grunnlag for at lokale former skal nyttast

meir i føreleddet enn i etterleddet, og meiner difor at det òg bør utgå. I den grad føreleddet skal handsamast annleis enn etterleddet i eit namn, bør det vera etter vurderingar som vert gjorde konkret i den enkelte saka.

3.1

Sterke hokjønnsord kan i bunden form eintal få desse endingane:

3.1.1 *-a i samsvar med rettskrivinga og dialektuttalen. Når ordet endar på -k eller -g, kan endinga -ja nyttast når dette samsvarar med uttalen. Uttalen /vi:kja/ kan såleis gje skrivemåten Vika (rettskrivingsform) eller Vikja (regional samleform). Endinga -na kan nyttast når det samsvarar med dialektuttalen. Uttalen /øyna/ kan såleis gje skrivemåten Øya (rettskrivingsform) eller Øyna (regional samleform).*

Kartverket går sterkt imot j-innskot i bunden form av sterke hokjønnsord. Dette har liten skrifttradisjon, det reflekterer eit dialekttrekk som er i rask retur, og me kjenner ikkje til sterke ynske lokalt om å få det. Endringa vil rokka ved rettskrivinga som hovudregel for normering, og det verkar dessutan inkonsekvent når ikkje hankjønnsord eller inkjekjønnsord får tilsvarande j-innskot. Det er meir utbreitt med slik palatalisering i linne inkjekjønnsord som stykke («stykkje») og i hankjønnsord som bekken («bekkjen») enn det er i sterke hokjønnsord. Det er òg å merkja at dette i hovudsak vil gå ut over etterledda i stadnamn, som Språkrådet i høyringsframlegget skriv skal normerast meir i samsvar med rettskrivinga enn føreledda, sjå avsnitt 2.12.

3.1.2 *-i når dialektuttalen er -i eller -ei. Endinga -ni kan nyttast når det samsvarar med dialektuttalen. Til dømes kan uttalen /øyni/ gje skrivemåten Øya (rettskrivingsform) eller Øyni eller Øyi (regionale samleformer).*

Her vert det ikkje teke tilstrekkeleg omsyn til at i-ending har ei særstode som gamal rettskrivingsform. Kartverket går imot endringa. Ein vil alltid kunna få rettskrivingsforma Øya ut frå det generelle regelverket, men det bør ikkje stå uttrykkjeleg. I-ending vert òg nytta som samleform for delar av dei områda som har -e eller -æ i sterke hokjønnsord, og det bør difor opnast for i-ending i dei områda òg i samsvar med normeringspraksisen.

3.1.3 *-e, -o og -å i samsvar med dialektuttalen. Når ordet endar på -k eller -g, kan endinga -je, -jo eller -jå nyttast når dette samsvarar med uttalen. Endinga -ne, -no og -nå kan nyttast når det samsvarar med dialektuttalen. Døme: øye, vik(j)e, vik(j)o, vik(j)å, øy(n)o, øy(n)å. Uttalen /øyne/ vil såleis kunne skrivast Øya (rettskrivingsform) eller Øye eller Øyne (regionale samleformer). Uttalen /øynå/ gjev skrivemåtane Øya (rettskrivingsform) eller Øynå eller Øyå (regionale samleformer). Sameleis gjev uttalen /vikjå/ dei moglege skrivemåtane Vika (rettskrivingsform) eller Vikjå eller Vikå (regionale samleformer).*

Resultatet av ei slik endring vil verta at me får eit utal ulike former av eitt og same namneledd. Det at ein for kvart namn kan velja *anten* rettskrivingsforma eller ei delvis dialektform eller ei rein dialektform vil òg føra til mange inkonsekvensar innanfor eitt og same dialektområde. Dette framlegget inneber eigentleg det motsette av normering, nemleg ei oppramsing av (nesten) alle dei ulike dialektformene me har i bunden form av hokjønnsord i Noreg. Me merkjer oss at endinga -æ er utelaten, t.d. Vik(j)æ, endå dette er ei utbreidd form i Hordaland og delar av Rogaland og Vest-Agder. Dersom ein her skal leggja seg på rein dialektnormering, burde vel æ-formene òg vera med?

Kartverket går imot denne endringa, som bryt med føresegnene i lova og forskrifta, og som vil gjera mylderet av former uhandterleg for både profesjonelle og vanlege brukarar av SSR. Ideala om konsekvens og einskap innanfor eitt og same dialektområde, som Språkrådet fører opp som viktige omsyn i avsnitt 2, vert i praksis uopnåelege dersom dette framlegget vert vedteke.

3.2.2 -o og -å i samsvar med dialektuttalen. Døme: holo, holå.

Kartverket går imot endringa i 3.2.2, jf. merknadene våre til 3.1.3.

3.3

I bunden form fleirtal kan artikkelen få ei eller to stavingar i samsvar med dialektuttalen. Ein kan nytte endingane -ane, -ene og -a i samsvar med rettskrivinga og dialektuttalen.

3.3.5 -adn(e), -edn(e), -idn(e), -udn(e) kan nyttast i samsvar med dialektuttalen. Døme: bakkadn(e).

Fram til no har ein halde seg til hovudformene -an(e), -en(e), -in(e) og -un(e) i fleirtal, sjølv om det finst fleire former i dialektane. Former som -adn og -atn er meir markerte dialektformer. Dersom ein no vil opna for -adn, men ikkje for t.d. -atn, verkar det vilkårleg. Formene med -an, som er tillatne frå før, går derimot over eit stort område og har eit meir stabilt dialektgrunnlag. Dei kvalifiserer difor i større grad til å reknast som regionale. Kartverket viser til at namneverket skal brukast av folk frå heile landet, mange utan kunnskapar om lokale dialektvariantar, og me går difor imot framlegget til endringar.

4 Døme på regionale former som kan nyttast (ikkje uttømmende)

Kartverket meiner at ei liste over regionale former er overflødig, og at det i for sterk grad vil verka som ei kodifisering av unntaka frå hovudreglane for normering, som er å fylgja gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp. Me reknar òg prinsippet om at lista skal fyllast ut etter kvart som nye vedtak vert gjorde, som uhaldbart. Det vil gje vedtaksorganet nærmast frie tøylar til å gå opp nye stiar, og det vil føra til at saker der ein av særlege grunnar gjer unntak frå hovudregelen, legg for sterke føringar for seinare saker. Stadnamntenesta må vurdere kva som er regionale samleformer ut frå eigen fagkunnskap, normeringspraksis og dialektkunnskap. Det kan ikkje lagast nokon uttømmende reglar for dette, for det må vektast mot lokale preferansar, endring i dialektane og andre omsyn som òg skal spela inn i valet av normering i kvar konkrete namnesak.

4. Konklusjon

Norsk skriftspråk har i over 100 år lege til grunn for normering av norske stadnamn, og stadnamna har gjennom alle tider fylgt dei same rettskrivingsprinsippa som skriftspråket elles. Det verkar ikkje som det ligg føre gode nok grunnar for at ein skal gå bort frå det no. Store endringar i normeringsreglane, slik Språkrådet no føreslår, vil gjera det offentlege namneverket mindre stabilt, og det gjer at publikum får større vanskar med å bruka det som eit presist verkty. I framlegget står det at konsekvens og einskap er eit viktig prinsipp, men me fryktar at dei mange valfrie dialektformene i staden vil skapa mykje inkonsekvens både mellom kommunar og innerter i kvar kommune.

Prinsippet om at skrivemåten av stadnamn skal vera praktisk og lett å bruka, er viktig for alle i Noreg. Føremålstenlege skrivemåtar gjer kvardagen lettare for naudetatane, leveringstenester, turistar og andre som brukar SSR aktivt. Naudetatane opplyser at stadnamna utgjer 50 prosent av informasjonen dei treng når dei skal rykkja ut, og at dei kan tapa verdifull tid dersom skrivemåten er vanskeleg å formidla. SSR skal reflektera noko av talemålsvariasjonen i Noreg, men dette omsynet må vektast mot dei praktiske funksjonane registeret skal ha.

Sentralt stadnamnregister (SSR) er i stor grad meint som eit bruksregister for folk som skal finna fram eller orientera seg geografisk. Det er viktig for samfunnet at SSR fungerer godt som ein felles standard for stadnamn i offentlig bruk.

Venleg helsing

Jens Chr. Leonthin
juridisk direktør

Anne Svanevik
forvaltningsansvarleg for stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.



MANDAL KOMMUNE
Teknisk forvaltning

Post Språkrådet

DERES REF:	VÅR REF:	SAKSBEHANDLER:	ARKIVKODE:	DATO:
	2012/1027 - 172	Hallfrid Jostedt, 91802374	050	07.12.2017

UTTALELSE TIL: HØYRING OM REVIDERTE SÆRREGLAR FOR SKRIVEMÅTEN AV NORSKE STADNAMN

Navnekomiteen i Mandal kommune har behandlet saken og vedtatt å sende en høringsuttalelse.

Den viktigste årsaken til dette er at en vanlig, sørlandsk form som have (rettskrivningsform: hage) ikke ser ut til å være tillatt.

I Mandal brukes have både om parkanlegg (Andorsenhaven og Skriverhaven), som steds- og veinavn (Rosshaven, Kalvehaven, Nesehaven, Bringebærhaven) og som gårdsnavn/slektsnavn (Haven).

Navnekomiteen mener at det må åpnes for å bruke lokale former som have og tilsvarende.

Med hilsen

Hallfrid Jostedt
Rådgiver
Sekretær for navnekomiteen

Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.



Nord-Aurdal kommune

Språkrådet
Boks 8107 Dep

0032 OSLO

Attn:

Deres ref.:
15/768-13 DGI

Vår ref.:
HOYSUS - 17/14055

Vår dato:
08.12.2017

Høyring om reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn

Nord-Aurdal kommune har motteke framlegget til reviderte reglar for skrivemåten av norske stadnamn, datert 11.10.2017, med høyringsfrist 10.1.2018. Ordføraren har delegert saka til stadnamnemnda, og nemnda behandla saka i møte 21.11.2018.

I forskrifta til stadnamnlova, vedteken 23.5.2017, er rettskrivingsformer og regionale samleformer no likestilte i forskrifta, medan lokale dialektformer kan veljast «når særlege grunnar talar for det». Det samsvarar med den praksisen me har ynskt oss i Nord-Aurdal kommune gjennom mange år. Me ser det difor som svært positivt at det no er mogleg å tillempe skrivemåten av stadnamn til den lokale uttalen, noko som òg er nedfelt i stadnamnlova § 4.

For oss har tre prinsipp vore særleg viktige:

- å kunne skrive *ø* for norrøn kort *o* og *o* (*Fødnes, Strønd*)
- å kunne skrive *dn* for norrønt *rn* i ord (*tjedn, hødn*)
- å kunne skrive *dn* for norrønt *rn* i fleirtal bestemt form av substantiv (*gutadn, jentudn*)
- å kunne skrive *-in* i bestemt form eintal av svake hankjønnsord (*bakkin, øddin*)

Dei tre fyrste punkta er omtala i dei nye særreglane, og det er me glade for, likeins som at me er glade for at me framleis kan bruke *-e* i bestemt form eintal av sterke hokjønnsord (*bygde*) og i bestemt form fleirtal av sterke inkjekjønnsord (*alle huse*).

Nokre punkt som ikkje er omtala

-tn i fleirtal bestemt form av substantiv

I Valdres går det eit skilje mellom *-dn* og *-tn* som endingar i bestemt form fleirtal: Nord for Aurdal heiter det *gutadn, grisidn* og *jentudn*, medan det lenger sør (i Aurdal, Vestringsbygde, Sør-Aurdal kommune og Etnedal kommune) heiter *gutatn, grisitn* og *jentutn*. Same skilje har ein mellom øvre og nedre del av Hallingdal. Me vil be Språkrådet vurdere om det også kan vera rom for å få fram desse regionale skilja i særreglane.

Endinga -in i svake hankjønnsord

Bøyingsendinga *-in* av svake hankjønnsord er ikkje nemnd i dei nye særreglane. Sidan fleire regionale variantar av bestemt form hokjønne er tillatne, vonar me at det også blir opna for desse formene av svake hankjønnsord i lista over regionale samleformer.

På same vis ønskjer me skrivemåten med *-in* i fjellnamn der eit svakt hankjønnsord utgjer siste ledd: *Rundemellin*, *Skarvemellin*, til dømes. Endinga *-in* er òg nytta i forhistoriske stadnamn som *Tyin*, *Bygdin* og *Gjendin*, og i andre innsjønamn, som *Seksin*, *Syndin*, *Vindin*, *Leirin* og *Høvrin*.

Fastvaksen artikkel

I punkt 3.1 blir det opna for at ein kan bruke fastvaksen artikkel i bestemt form av hokjønnsord: *øyne*. Me går ut frå at det då òg er mogleg å bruke den fastvaksne artikkel i ubestemt form, noko som er vanleg i Valdres: *ei øyn*, *ei ån*.

Nokre andre regionale former

I Valdres er det naturleg å bruke dei regionale formene for adjektiva *nedre*, *nørdre*, *søre* og *austre*, nemleg *nerre*, *nørre*, *sørre* og *øystre*, til dømes *Nerrebrennvegen* og *Sørregarlivegen*. Ein av dei seks valdreskommunane heiter då òg *Øystre Slidre*. Me vonar at desse formene skal koma inn i lista over regionale former som det er høve til å bruke i stadnamn.

Strukturen i dei nye særreglane

Som Språkrådet sjølv seier, hadde forskrifta frå 2007 ein kompleks struktur. Me forstår det slik at ein beheld den komplekse strukturen, med lova, forskrifta og til slutt «Rettleiing til forskrift om skrivemåten m.m. av stadnamn». Men forslaget som no er på høyring, og som skal erstatte punkt 3 i «Rettleiing ...», er ei klar forenkling av punkt 3, både i struktur og innhald. Det er ein stor fordel for kommunane når dei skal setja seg inn i reglane.

Nord-Aurdal kommune ser òg positivt på at Språkrådet vil laga ei liste over regionale samleformer etter kvart som det blir gjort nye tilrådingar i namnesaker. Det gjer det enklare for alle partar å vita kvar grensa går mellom regionale samleformer og lokale dialektformer. Me er altså svært positive til det nye framlegget til punkt 3 i «Rettleiing til forskrift om skrivemåten m.m. av stadnamn». Samtidig vil me be Språkrådet vurdere om dei formene me har nemnt ovanfor, kan takast inn i lista over regionale former.

Vennleg helsing
Aud Søyland
leiar i stadnamnemnda

Med hilsen

Susanne Høybach

Sekretær

Etter våre rutiner er dette brevet godkjent og sendt uten underskrift

Til
Språkrådet

Dato:
15. januar 2018

Høyring om reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn

Språkrådet sende i oktober ut ei høyring om reviderte særreglar for skrivemåten til norske stadnamn. Høyringa kjem etter at Kulturdepartementet vedtok ny forskrift om stadnamn 23. mai 2017. Departementet ber Språkrådet sørgje for oppfølging av forskriftsendringane, «herunder vurdere behov for reviderte retningslinjer og endringer av gjeldende språkregler til utfylling av forskriftene». Språkrådet kan etter § 14 i den nye forskrifta «fastsetje utfyllande språkreglar om korleis norske og kvenske stadnamn skal skrivast».

Vurdering:

Endringane i dei nye særreglane som no ligg føre, går klart i retning av at norsk skriftspråk i mindre grad skal vere førande for skrivemåten på norske stadnamn. Forskriftsendringa er bakgrunnen for dei nye språkreglane. Då forskriftsendringa var på høyring, meinte Noregs Mållag at endringa svekte gjeldande rettskrivingsprinsipp endå meir. Difor ynskte Noregs Mållag å stryke endringa.

Stadnamna våre er verneverdige kulturminne. Dette er også uttrykt i førearbeida til lova. Det som gjer stadnamna særleg verneverdige, er dei nedervde lokale uttaleformene som er siste lekken i ein ubrotten samanheng attende til den tida namna voks fram.

Føremålet med stadnamnlova er formulert slik: «Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna».

Og om skrivemåte seier lova: «Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk».

Med endringane som er føreslegne, går vi vekk frå dette prinsippet og opnar opp for skrivemåtar som ikkje følgjer gjeldande rettskrivingsprinsipp. Mållaget meiner dette er



uheldig. Ikkje berre er det ei svekking av skriftspråksnormeringa som har lege til grunn for normeringa til no, men òg av lovformuleringa om at skriftforma skal vere praktisk. Når fleire dialektformer som ikkje følgjer norsk rettskriving no skal verte førande for nokre normeringar av stadnamn, vil det verte vanskelegare å vite korleis stadnamn skal skrivast. I tillegg vil skrivemåten av kjende namneledd ymse mykje frå stad til stad, også innanfor ein kommune. Det kjem òg til å verte usemje om kva dialektform ein skal velje.

I det heile meiner Noregs Mållag at dei nye reglane gjer stadnamnnormeringa lite oversynleg, upraktisk og vanskeleg å nytte.

Noregs Mållag meiner stadnamn også i framtida må handsamast som rettskrivingsobjekt styrt av norsk rettskriving.

Med venleg helsing
NOREGS MÅLLAG

Magne Aasbrenn
leiar

Hege Lothe
konstituert dagleg leiar

NORGES BONDELAG



Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Vår sakshandsamar
Amund Johnsrud
+47 97 54 18 42

Vår dato
05.01.2018
Dykkar dato
12.10.2017

Vår referanse
17/00756-2
Dykkar referanse
15/768-13/DGI

Høyring om reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn. Høyringsvar frå Norges Bondelag

Norges Bondelag meiner det er gjort eit godt og fornuftig oppryddingsarbeid av Språkrådet i det nye framlegget til retningsliner og språkreglar.]

Vi er samde i prinsippet om at kjøn, tal og form som hovudregel skal rette seg etter den nedervde lokale uttalen.

Det er bra at Språkrådet har starta på å lage ei oversikt over regionale former som kan brukast i namnsetjinga. Som Språkrådet skriv, må ein vente at den lista vert fylt vidare ut.

Vi vil peike på at våre medlemmar og lokallag mange stader er gode kjelder for informasjon om namneformer som er aktuelle å bruke i sine område. Det kan gjelde for arbeidet med å lage gode og dekkjande samleformer, men ikkje minst for å identifisere lokale dialektformer for namn i lokalsamfunnet. Mange bondefamiliar forvaltar framleis mykje lokal historie og sit på overlevert kunnskap frå tidlegare generasjonar. Dette er kunnskap som vi gjerne ser vert nytta som kjeldetilfang når ein skal fastsetje endeleg skrivemåte for stadnamn lokalt eller i regionen.

Beste helsing

Elektronisk godkjent, utan underskrift

Arild Bustnes

Amund Johnsrud

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:
Postboks 9354 Grønland
0135 OSLO

Norges Bondelag
Bondelagets Servicekontor AS

Besøksadresse:
Landbrukets Hus,
Hollendergata 5
0190 OSLO

Org.nr.: 939678670
Org.nr.: 985063001 MVA

Tlf:
22 05 45 00

Bankkonto: 8101.05.12891
Bankkonto:: 8101.05. 91392

E-post:
bondelaget@bondelaget.no

Internett:
www.bondelaget.no



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref
15/768-13

Vår ref
17/1949-6

Dato
12. januar 2018

Reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn - Høyring

Vi viser til brev av 11. oktober 2017 med vedlegg om ovannemnde.

Samferdselsdepartementet har ingen merknader.

Med helsing

Gyri Solnørdal Jenssen (e.f.)
avdelingsdirektør

Kjersti Nikolaysen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 904

Avdeling
Strategi,- økonomi og
administrasjonsavdelinga

Saksbehandlar
Kjersti Nikolaysen
22 24 81 46



Språkrådet

Saksbehandler:
Roger Egeli

Deres ref.:

Vår ref.:
08/1142
18/41 -16

Arkiv:
FA - L32

Vår dato:
03.01.2018

Høring om reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn - Innspill fra Sokndal kommune

Kommunen viser til brev vedrørende høring om reviderte særregler for skrivemåte av norske stedsnavn datert den 11.10.2017.

Sokndal kommune er i slutfasen av viktig adressering i kommunen hvor valg av stedsnavn og skrivemåte for stedsnavn er meget viktig for oss. Kommunen vil derfor som innspill til høringen vise til vedtak i kommunestyret fattet den 09.12.2013, i sak 078/13, punkt 4.

KS-078/13 Vedtak:

1. Sokndal kommune innfører adressering i hele kommunen innen utløpet av 2015.
2. Rådmannen gis følgende ansvar:
 - a. Bekjentgjøre adresseringsarbeidet for kommunens innbyggere, gjennomføre folkemøte og lignende.
 - b. Fastsette samt lage fortegnelse over adresseparseller med adresse- og bruksenhetsnummer for hele kommunen.
 - c. Gjennomføre nødvendig skilting.
 - d. Utarbeide forslag til adressereglement
3. Sokndal kommunestyre oppnevner gatenavnutvalg som fremmer forslag til adressenavn (og andre kommunale navn), sammensatt av følgende 5 medlemmer:
 - o Kjell Rek, leder
 - o Edel Karin Birkeland, nestleder
 - o Sigbjørn Golf
 - o Ættesogelaget og Sokndal Bygdetun velger hver sin representant.
4. Sokndalsdialekt brukes på adressene der det er mulig og passende. Navneutvalgets arbeid skal være slutført innen utgangen av 2014. Det skal tas hensyn til eksisterende godkjente vegnavn.

Sokndal kommune ligger geografisk i en dialektskille og benytter i stor grad o-ending i daglig tale og ved benevning av stedsnavn. **Kommunen fremmer derfor at det ønskes tatt inn at det skal være mulig å fastsette stedsnavn i vår kommune med o-ending for fremtiden.**

Med vennlig hilsen
Sokndal kommune

Roger Egeli
Kommunalsjef Teknikk- og miljø

Kopi til:

Helge Madland

Nils Jacobsen

Trond Arne Pedersen

Rådmann

Næringssjef

Ordfører

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur når det sendes som e-post.

Språkrådet
Postboks 8107 DEP

0032 OSLO

Vår dato: 05.01.2018
Vår ref: 2017/11 - 384/2018 / 000
Dykkar ref:

Høyring om reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn

Me viser til høyringsdokument datert 11.10.2017.

Stord kommune vil med dette gje uttale til høyringa.

På grunn av at politiske møte ikkje er komne i gang enno i 2018, vil uttalen bli gitt administrativt.

Stord kommune, har m.a. saman med grannekommunar, lenge arbeid for at me skal få våre særeigne målformer i Sunnhordland godkjente til bruk i namnesetning, og set pris på at dette no er følgt opp av Språkrådet.

Stord kommune er særns nøgd med dei endringane i stadnamnforskrifta der fleire ulike former for avvik frå rettskrivinga no kan godkjennast. Formene -o og -å (bunden form eint. av sterke hokjønnsord) er solide og fullt levande regionale dialektformer på Sørvestlandet. For vårt vedkomande betyr dette at o-endingar og differensiasjon av -rn- til -dn- no kan godkjennast.

Med dette vert det ein meir konsekvent heilskap i normeringa av stadnamn, slik me har etterlyst.

I «utfyllingsreglane» saknar me uttrykket «dl» som brukt i «fjedle» (fjellet), som er i aktiv bruk i Sunnhordland. Det gjerne kunne vore nemnt særskilt.

Me vonar at denne saka kan føra til ei betre presisering av namn på Vestlandet.

Stord kommune vil gå inn for dei føreslåtte endringane.

Med helsing

Herdis Elin Belsvik
einingsleiar Kulturtenester

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift



Dato: 13.11.2017

Saksb: Rigmor Jenssen Leknes

Tlf: 75 10 10 12

Saknr: 17/3943

Deres ref.:

Språkrådet

Høring om reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn

Formannskapet behandlet i møte 10.11.2017 sak 136/17

Følgende vedtak ble fattet:

Vefsn kommune har desse merknadene til forslaget som er sendt på høring: Som hovudregel er det mest tenleg at stadnamn blir skrivne i samsvar med gjeldande rettskrivingsreglar, slik at betydninga av namnet ikkje blir tilsøra, og slik at dei som les namnet ser eit skriftbilde dei kjenner seg att i. Derfor har kommunen valt å bruke namn som Steinhaugen, sjølv om den lokale uttalen er /-håjen/. Kommunen vil at dette no endres til at /-håjen/ brukes.

Det er likevel formålstenlig med ei liste med regionale samleformer. Kommunen har tidlegare slutta seg til bruk av skrivemåtar som -tjønn, -tjønna i staden for tjørn, tjørna. Ei form som for(a) for treslaget furu bør også få status som regional samleform; namneforma for(a) blir brukt i tradisjonell dialekt over ein stor del av landet, og i stadnamn er denne forma hos oss nærast einerådande – jamfør namn som Forholtan, Forneset og Formyra, som alle er avleidde av treslaget.

Forslaget om – som før – å kunne skrive fors for foss er i samsvar både med lokal dialekt og skrifttradisjon. Likeins er forslaget om å skrive skard der det tradisjonelle vefsnmålet har skal med tjukk L, i samsvar med innarbeidd skriftpraksis.

Vefsn kommune har tidlegare valt å trasse råd frå Kartverket og vedtatt å skrive Vasshovvegen der Kartverket ut frå rettskrivingsreglar ville ha Vasshovvegen, og kommunen har gitt tilslutning til grunneigars ønske om å skrive Grøftremma der kartverket i utgangspunktet ville ha Groftremma. Kommunen er derfor tilfreds med at forslaget i visse tilfelle opnar for bruk av ø i samsvar med lokal uttale.

Vefsn kommune vedtok også å skrive Tverråvegen der Kartverket ville ha Tverråvegen og Vestvågvegen der kartverket ville ha Vistvågvegen. I begge tilfelle har kommunen lagt vekt på lokal nedverd uttale, mens kartverket har lagt vekt på rettskrivingsreglar. Forslaget opnar for skrivemåtar i samsvar med lokal dialekt i særlege tilfelle (innarbeidd namneformer eller sterke og eintydige lokale ønske). Kommunen ser desse to namnesakene som eksempel på slike særtilfelle.

Vefsn kommune fekk ved kartrevisjon i 1994 gjennomslag for namneformer på –o i elvenamna Skjervo, Drevjo og Dølo. Vi ser likevel at desse formene blir lite brukt i skrift. Når det no blir opna for å skrive alle tilsvarande stadnamn med –o i samsvar med vefsnmålet, vil kommunen tilrå denne skrivemåten i alle aktuelle stadnamn.

Det er lang tradisjon for å skrive fleirtalsendinga *-an* (Lian, -tindan og -fjellan) i samsvar med lokal dialekt. I svake hokjønnsord er fleirtalsendinga *-ån* brukt i namn som «Småmyrån» og «Brennån». Forlaget legg opp til at ein her bør bruke endinga *-on*, men det vil verke framand og stride mot tidlegare normeringspraksis. Endinga *-ån* bør derfor vere med i punkt 3.3.3.

Med vennlig hilsen

Rigmor Jenssen Leknes
formannskapssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og derfor ikke signert

Fra: Vidar Haslum <vidar.haslum@uia.no>

Sendt: 18. desember 2017 13:45

Til: Anne Svanevik; Åse Wetås; Line Lysaker Heinesen; ivar.berg@ntnu.no; Eli Johanne Ellingsve; ole-jorgen.johannessen@lle.uib.no; Kjell Erik Steinbru; Gunnstein Akselberg; Erlend Trones; Daniel Ims; Botolv Helleland; Ingvil Nordland

Emne: Stadnamnlova

Merknad om stadnamnlova med forskrifter, nedarvet uttale

Dette har jeg tatt opp før, og jeg gjentar det også her. Det er nødvendig med en mer faglig holdbar definisjon av NEDARVET UTTALE, og som samtidig er mest mulig operasjonell. Det vil kunne spare stedsnavntjenesten og forvaltningen for mange framtidige problemer.

Forståelsen av noe som ”nedarvet uttale” i prinsipiell motsetning til skriftuttale/leseuttale er grunnleggende i navneforskningen, og slik har det vært siden Oluf Ryghs dager. I revideringen av Stadnamnlova med forskrifter mener jeg det er et påtrengende behov for at denne faglige forståelsen kommer inn i forskriftene igjen, men da med en operasjonell presisering tilpasset praktiske behov. I «Høyring om revisjon av Forskrift om skrivemåten av stadnamn» (sisert fra «3.2.3 Til § 3 under «Merknad») er nedarvet uttale formulert slik: Med «den nedervde lokale uttalen [...] er meint den uttalen som er munnleg og skriftleg overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk.»

Til denne ordlyden kan det reises alvorlige innvendinger. Den er ikke faglig fundert, ikke faglig formålstjenlig og den tilslører mer enn den avklarer. Den synes å være resultat av en diskusjon mellom ulike interessegrupper der hensynet til at ”alle må bli hørt” har vært viktigere enn den vitenskapelige forståelsen av hvordan noe i verden faktisk er. Slikt er bare til skade for faget, og det bidrar bare til å gjøre saksbehandlingen vanskelig.

For at en definisjon skal være tilfredsstillende, er min oppfatning at to grunnleggende krav må være oppfylt:

1. En definisjon må gjenspeile den forståelsen som fagmiljøet har av hvordan navn i prinsippet blir tradert.

2. En definisjon må bidra til å gjøre normeringsarbeidet lettere og mer forutsigbart.

Saken har altså både en prinsipiell og en operasjonell side. En gammel innsikt er at uttaler av navn i prinsippet kan inndeles i to typer: a) de uttalene som er tradert uten påvirkning fra skrift, og b) de uttalene som er påvirket av skrift (slik definisjon i NOU 1983: 6 Stadnamn s. 54, med henvisning til Rygh 1898 s. x). Samtidig må vi være oppmerksomme på en annen realitet: Det er ikke alltid mulig å kunne fastslå sikkert at en lokal uttale er upåvirket av skrift. I noen tilfeller kan vi stå overfor en mer indirekte påvirkning gjennom analogiske overføringer fra et skriftspråklig mønster. Slike problemtilfeller vil kunne oppstå der flere uttaler av ett navn er i bruk på ett sted, og dette hensynet må bli ivaretatt i den operasjonelle delen av en definisjon.

Av dette følger mitt forslag til definisjon av nedarvet lokal uttale:

Med den nedervde, lokale uttalen er meint den uttalen som er munnleg overlevert frå ættled til ættled innanfor ein namnekrins, utan påverknad frå skriftformene av namna. Dersom fleire uttalar av eit namn er i bruk på ein stad, og skriftspråkleg påverknad ikkje kan utelukkast, kan ein som nedervd uttale operasjonelt rekne den eller dei uttalane som ligg nærast den prinsipielle definisjonen og/eller som er minst påverka av skrift.

Det skulle være unødvendig å tilføye at en prinsipiell definisjon som igjen danner grunnlaget for en operasjonell praktisk forståelse er en normal måte å gå fram på i det praktiske liv.

Kristiansand, 18/12-17

Vidar Haslum

Førsteamanuensis

En av navnekonsulentene



TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

Språkrådet

UGGDAL, 10.01.2018

Saksnr.	Dok.nr	Arkivkode	Avd/Sek/Saksh	Dykkar ref.
18/9-2	227/18	000	TK//STDAL	

HØYRING OM REVIDERTE SÆRREGLAR FOR SKRIVEMÅTEN AV NORSKE STADNAMN

Tysnes kommune merkjer seg framlegg om reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn og gjev i den samanheng slik uttale:

Tysnes kommune sluttar seg til framleg om reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn. Kommunen har uttrykt ynksje om ei revidering av regelverket og ser det som svært positivt at den kommunes sjølvrådet ved namnesetjing er styrka. Endringar i del «3 Bøyningsverk» er særst viktig for den kommunale namnesetjing i Tysnes, spesielt at ein no kan nyttar –o endinga. Denne endringa inneber at det me har opplevd som maglande forståing for regionale samleformer som me meiner bruk av denne ending er for Sunnhordland novert ivareteke.

Tysnes kommune er også positive til at det under punkt i særskilde reglar vert lagt større vekt på lokale dialektformar når namneformer er innarbeidd eller det er eit sterkt og eintydig lokal ønskje om ein særskilt skrivemåte. Tysnes kommune er samd i at det innanfor denne vurderinga vert lagt vekt på konsekvens og einsskap.

Tysnes kommune legg til sist til grunn at endringa som det no ligg framlegg om vil innebera færre klager og såleis ei enklare handsaming av namnesaker i framtida.

Med helsing
Tysnes kommune

Steinar Dalland
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Kopi:

Vedlegg:

Til

Språkrådet

v/direktør Åse Wetås og seksjonssjef Daniel Gusfre Ims

Høyringsfråsegn om framlegg til reviderte reglar for skrivemåten av norske stadnamn

Her er høyringsfråsegna frå namnekonsulentane for Vestlandet v/ Universitetet i Bergen

Til pkt 1 i framlegget: Kjønn, tal og form

Ingen merknad

Til pkt 2 og pkt 4 i framlegget: Ordformer og døme på regionale former

I framlegget er *bott* (for *botn*) nemnt som ei aktuell regional form.

Her bør det absolutt vera ei avgrensing til områda der forma *bott* blir nytta reint appellativisk (Gudbrandsdalen, Valdres, Hallingdalen, Numedalen og Aust-Telemark). Det bør med andre ord reknast om utlrådeleg å normera til *-botten* (i staden for *-botnen*) i tilfelle der talemålet på staden ikkje har *bott* som nemneform.

Til pkt 3 i framlegget: Bøyingsverk

Punkta 3.1 og 3.2

Det er føreslege at sterke hokjønnsord «kan [...] få desse endingane» i bunden form eintal:

-a «i samsvar med rettskrivinga og dialektuttalen» Alternativ: *-ja*, t. d. i Vikja, og *-na*, t. d. i Øyna (regionale samleformer).

-i «når dialektuttalen er *-i* eller *-ei*» Alt.: *-ni* t. d. i Øyni

-e, *-o* og *-å* «i samsvar med dialektuttalen». Alt.: *-je*, *-jo*, *-jå*, *-ne*, *-no* og *-nå*

-en «i bergensk»

Dette svarar til denne regelen i den gjeldande rettleiinga:

«Sterke hokjønnsord får i bunden form som hovudregel endinga -a. Når dialekten har endinga -i eller -ei, brukar ein -i. Bergensk får -en, mens midlandsmåla kan bruke -e. Når særlege grunnar talar for det, kan endingane -na, -ne eller -ni brukast.» (Sjå punktet 3.1.b.II i rettleiinga, «Rettleiing til forskrift om skrivemåten m.m. av stadnamn».)

Det er føreslege tilsvarende endringar i regelen som gjeld «[i]nkjekjønnsord som i bunden form fleirtal har samanfall med bunden form eintal av sterke hokjønnsord» og i regelen som gjeld bundne eintalsformer av svake hokjønnsord.

Regelen om at «midlandsmåla kan bruke -e» var ikkje med i den opphavlege forskrifta (frå 5. juli 1991). Han kom inn då forskrifta vart revidert i 2007. (Den reviderte forskrifta vart sett i verk 1. juni det året).

Ein må spørja seg kvifor regelen om bruk av *e*-ending fekk ei avgrensing til midlandsmåla. Det er til dømes mange hordalendingar som òg bruker former som «lie» og «vikje» eller former der endingsvokalen ligg nærare /æ/.

E-endinga har aldri vore vanleg rettskrivingsform i Noreg, og frå namnekonsulentane og frå fleire andre personar i dei namnefaglege miljøa vart det difor uttrykt stor skepsis til å ta den nemnde regelen inn i forskrifta.

I dei siste tiåra før stadnamnlova vart sett i verk (i 1991), var det det einskilde fylkeskartkontoret som avgjorde korleis stadnamna skulle skrivast på økonomiske kart (ØK), og i denne perioden vart det i somme fylke fastsett ganske mange skrivemåtar som ikkje var i tråd med riksnorma. Dette gjorde seg ikkje minst gjeldande i fylka Oppland og Buskerud, det vil seia i den midtre og nordlege delen av midlandsområdet.

I Sentralt stadnamnregister, SSR, er forma *Bakkadn* i dag registrert som godkjend form i 25 tilfelle, og alle desse gjeld namn i Valdres. Vidare er det registrert 13 godkjende og 6 vedtekne namneformer med skrivemåten *-strønd-* og 12 godkjende og 2 vedtekne namneformer med skrivemåten *-brøt-* (for (bakke-)*brot*). Alle formene på *-strønd-* og dei to vedtekne med skrivemåten *-brøt-* gjeld namn i fylka Oppland og Buskerud. Også 7 av dei 12 godkjende formene med skrivemåten *-brøt-* knyter seg til namn frå dei to fylka. Dei andre *brøt*-formene som har godkjeningsstatus i SSR, gjeld namn i Telemark, Møre og Romsdal og Nordland. Ein må rekna med at alle dei nemnde godkjende formene var tekne i bruk før stadnamnlova vart sett i verk. Dette gjeld då òg former som *Vike* og *Lie*.

I dei delane av landet som ikkje høyrer til midlandsområdet, gjekk ein i dei fleste tilfella vekk frå talemålsnære former som etter det regelverket som kom på 1990-talet, ikkje kunne reknast som tilrådelege. Til dømes var det på ØK i Hordaland teke i bruk mange former med *-ena* som fleirtalsartikkel i staden for *-ene*. Formene på *-ena* har ein gått heilt vekk ifrå i saker som er gjennomførde etter 1991. Det er vanskeleg å skjønna kvifor det vart følgt ei anna hovudline i fylka Oppland og Buskerud enn i resten av landet, og det er synd at det er den særeigne utviklinga som skjedde i dei to

fylka, som skal gi opptakt til framlegget om å tillata skrivemåtar som *-vikjo* og *-vikjå* andre stader i landet.

Viss dei nye reglane blir fastsette i tråd med det som no er føreslege, vil ei av følgjane kunna bli at ein del stadnamn som er danna av ulike hokjønnsord, får eit skriftbilete i bunden form eintal som blir identisk med den skrivemåten dei har i dativ fleirtal. Døme: *Borgo*, bunden eintalsform og dativ fleirtals-form av ordet *borg* (f.), *Viko*, bunden eintalsform av ordet *vik* (f.) og dativ fleirtals-form av same ordet, *Lono*, bunden eintalsform og dativ fleirtals-form av ordet *lon* (f.) og *Geilo*, bunden eintalsform av ordet *geil* (f. (/ m.)) og dativ fleirtals-form av same ordet.

I denne samanhengen må det vidare nemnast at i ein del av dei kommunane i Hordaland som har *e-* og *æ-*endingar i talemålet, er det i aktuelle stadnamnsaker konsekvent vedteke normeringsformer med *i-*ending. (Dette er i tråd med ønske frå dei kommunane det gjeld.) Det må bli tillate å føra denne linja vidare òg etter at dei nye normeringsreglane er fastsette. Den aktuelle delen av Hordaland grensar til den delen av Sogn og Fjordane som har talemålsformer med *-i* og *-ei*.

*I-*endinga har vore ei offisiell norsk rettskrivingsform. Dette kan ikkje seiast om skrivemåtane med *e-*, *o-* og *å-*ending. *E-*, *o-* og *å-*endingane har heller ikkje vore nytta i nemneverdig grad i offisielle stadnamnformer.

I framlegget er det gått inn for at ein framleis skal kunna nytta dei einstava fleirtalsendingane *-an*, *-en*, *-in* og *-un* (i staden for *-ane*, *-ene* og så vidare). Dette er former som har vore nytta ein god del i offisielle stadnamnformer. Særleg gjeld dette ulike former på *-an*. (Jf. til dømes med formene *Moan*, *Haugan* og *Vikan*.) No er det føreslege å òg opna for bruk av skrivemåtane *-adn(e)*, *-dn(e)*, *-idn(e)* og *-udn(e)*. Denne offentlege bruken av desse skrivemåtane er i dag stort sett avgrensa til den nordlege delen av midlandsområdet sjølv om formene har talemålsgrunnlag fleire stader i landet.

Uheldig inkonsekvens

Det vil etter framlegget bli tillate å skriva *-vikjo*, medan ein stadig må skriva *-bakken* og *-bekken* der uttalen er «-bakkjen» og «-bekkjen» så vèl som der det blir sagt «-bakken» og «-bekken». Det finst *svært mange stadnamn* her i landet som har bunden form av orda *vik*, *bakke* og *bekk* i hovudlekken.

Grensesetjingsproblem

Ein vil her risikera at ein kjem i ein situasjon der blir reist krav om å få lov til å nytta alle slags former med *-k(k)j-* og *-g(g)j-* som offisielle stadnamnformer. Det kan bli vanskeleg å grunngi kvifor det skal vera lov å skriva til dømes *Vikjo* og *Bergjo*, men ikkje *Bergjet* og *Longabergjet* (evt. *Langa-*) der talemålet har både /'berje/ og /,de 'långa 'berje/, altså med *j*-lydar her så vèl som i /'vi:kjo/ og /'berjo/.

Skrivemåten *-gadå* er ønskt av Sandnes kommune, men er så langt ikkje vedteken i noka sak. (Kommunen tok spørsmålet opp med Kulturdepartementet, og departementet svarte då at dei ikkje kunne sjå at det fanst nokon heimel for å nytta skrivemåten *-gadå*.) Det vil vera eit *pedagogisk problem* om ein t. d. i Sandnes og

Stavanger får mange namneformer med skrivemåten *-gadå*, medan den allmenne rettskrivingsforma stadig er *gata*.

Ein skal elles slett ikkje ta det for gitt at alle som bur i dei aktuelle regionane går inn for at kommunane og andre offentlege instansar skal fastsetja og bruka dei skrivemåtane som etter framlegget no vil bli tillatne som regionale former. Ein må til dømes vera merksam på at det i den delen av Hordaland og Rogaland som har *o-* og *å-*endingar i talemålet, alt er fastsett ganske mange vegnamnformer med skrivemåtar som *-vika*, *-myra* og *-marka*. Dette gjeld eksempelvis vegnamnformene *Espelandsmyra*, *Ramsmyra*, *Lyklingmyra*, *Garvika*, *Juskevika* og *Vestre Vika* i Bømlo kommune. I denne samanhengen er det viktig å leggja vekt på dette med «konsekvens og einskap». (Jf. med det som står i første avsnittet i punkt 2 i framlegget.)

Til pkt 5 i framlegget: Dativ

Ingen merknad

Til pkt 6 i framlegget: Samansette namn

Ingen merknad

Bergen 9. januar 2018

Ole-Jørgen Johannessen

Gunnstein Akselberg

- sign -

Høyring om reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn

Øystre Slidre kommune har motteke framlegget til reviderte reglar for skrivemåten av norske stadnamn, datert 11.10.2017, med høyringsfrist 10.1.2018. Saka er behandla i stadnamnemnda i møte 11.12.2017.

I forskrifta til stadnamnlova, vedteken 23.5.2017, er rettskrivingsformer og regionale samleformer no likestilte i forskrifta, medan lokale dialektformer kan veljast «når særlege grunnar talar for det». Det samsvarar med den praksisen me har ynskt oss i Øystre Slidre kommune gjennom mange år. Me ser det difor som svært positivt at det no er mogleg å tillempe skrivemåten av stadnamn til den lokale uttalen, noko som òg er nedfelt i stadnamnlova § 4.

For oss har tre prinsipp vore særleg viktige:

- å kunne skrive *ø* for norrøn kort *o* og *ø* (*Kølbløtavegen*, *Strønd*)
- å kunne skrive *dn* for norrønt *rn* i ord (*tjedn*, *hødn*)
- å kunne skrive *dn* for norrønt *rn* i fleirtal bestemt form av substantiv (*gutadn*, *jentudn*)
- å kunne skrive *-in* i bestemt form eintal av svake hankjønnsord (*bakkin*, *øddin*)

Dei to fyrste er omtala i dei nye særreglane, og det er me glade for, likeins som at me er glade for at me framleis kan bruke *-e* i bestemt form eintal av sterke hokjønnsord (*bygde*) og i bestemt form fleirtal av sterke inkjekjønnsord (*alle huse*).

Nokre punkt som ikkje er omtala

Endinga *-in* i svake hankjønnsord

Bøyingsendinga *-in* av svake hankjønnsord er ikkje nemnd i dei nye særreglane. Sidan fleire regionale variantar av bestemt form hokjønnsord er tillatne, vonar me at det også blir opna for desse formene av svake hankjønnsord i lista over regionale samleformer.

På same vis ønskjer me skrivemåten med *-in* i fjellnamn der eit svakt hankjønnsord utgjer siste ledd: *Rundemellin*, *Skarvemellin*, til dømes. Endinga *-in* er òg nytta i førhistoriske stadnamn som *Tyin*, *Bygdin* og *Gjendin*, og i andre innsjønamn, som *Seksin*, *Syndin*, *Vindin*, *Leirin* og *Høvrin*.

Fastvaksen artikkel

I punkt 3.1 blir det opna for at ein kan bruke fastvaksen artikkel i bestemt form av hokjønnsord: *øyne*. Me går ut frå at det då òg er mogleg å bruke den fastvaksne artikkel i ubestemt form, noko som er vanleg i Valdres: *ei øyn*, *ei ån*.

Nokre andre regionale former

I Valdres er det naturleg å bruke dei regionale formene for adjektiva *nerre*, *nørre*, *sørre* og *øystre*, til dømes *Nerrevatn* og *Sørre Grønekinnvegen*. Ein av dei seks valdreskommunane heiter då òg *Øystre Slidre*. Me vonar at desse formene skal koma inn i lista over regionale former som det er høve til å bruke i stadnamn.

Strukturen i dei nye særreglane

Som Språkrådet sjølv seier, hadde forskrifta frå 2007 ein kompleks struktur. Me forstår det slik at ein beheld den komplekse strukturen, med lova, forskrifta og til slutt «Rettleiing til forskrift om

skrivemåten m.m. av stadnamn». Men forslaget som no er på høyring, og som skal erstatte punkt 3 i «Rettleiing ...», er ei klar forenkling av punkt 3, både i struktur og innhald.

Øystre Slidre kommune ser òg positivt på at Språkrådet vil laga ei liste over regionale samleformer etter kvart som det blir gjort nye tilrådingar i namnesaker. Det gjer det enklare for alle partar å vita kvar grensa går mellom regionale samleformer og lokale dialektformer. Me er altså svært positive til det nye framlegget til punkt 3 i «Rettleiing til forskrift om skrivemåten m.m. av stadnamn». Samtidig vil me be Språkrådet vurdere om dei formene me har nemnt ovanfor, kan takast inn i lista over regionale former.

For stadnamnemnda i Øystre Slidre

Arne Nysveen

Sekretær

Høyringsssvar frå Romsdal mållag om skrivemåten av stadnamn

Til dokumentet *Særlege reglar om skrivemåten av norske stadnamn*.

Framfor alt dreier det seg om skrivemåten av *naturnamn*. Høyringssvaret vårt inneheld ein del framlegg til regionale romsdalske former for slike namn. (Gardsnamn blir ikkje nemnt. Der har det vorte kaotisk no når det er frislepp av skrivemåten for bruksnamna.)

1. Svake hokjønnsord, bunden form, i Romsdal. Pkt.3.2

Ofte er dei sisteledd i stadnamn. Men dei kan òg vere heile namnet. Dei endar på –å i bygdemåla her. Men berre –a har vore godteke til no. (Finst kanskje eit par unntak på kart.) A til slutt verkar unaturleg på mange. Somme seier at ending på –a er Molde-mål. Nokre eksempel:

Holå. På sørsida av Romsdalsfjorden, *Hølå*. Ser ein *Hola/Storhola* på kart, kanein ikkje fastslå om det er eintal av *ei hole* eller bunden form fleirtal av eit hol. Stadnamntenesta i Trondheim har til no vore heilt avvisande til endinga –å.

I sterke hokj. har ein i ein viss grad opna for lokalt tilpassa skrivemåtar i t.d. Gudbrandsdalen, med *bygde og flye* (istf. for bygdi el. bygda, flyi eller flya). Det same ser ut til å ha vore lempa på i Hordaland, også med svake hokjønnsord med varierende endingar på –a, -o, -å og –en i samsvar med talemålet.

Aktuelle, nokså talrike namn eller sisteledd er er følgjande: - *nebbå*, - *bekkå*, - *evjå*, - *stauå*, *breå* og *børå*. Det siste er mykje framme i omtalen av fjellformasjonen Mannen i Rauma. Det noko større fjellpartiet ikring er ***Børå***. Det kjem av ordet *børe* som i kornbøre eller mjølbøre. – På radio og på tv høyrer vi nyheitsopplesaren lese det opp med feil tonelag (1) som var det *ei bør* når det står *Børa* på kartet. Det blir tjukk I der r+ stungen d går til tjukk I. gno. Byrda. Det same med holmen Kuå, somtider skrivi Kua(!) i Aukra.- Det første dømet, *nebbå* førekjem i mange fjellnamn i Romsdal.

Andre hyppige namn og sisteledd er: *veitå*, *reinå*, *lykkjå*, *reinå*, *rompå*, *fjørå*. To vassdragsnamn: *Duggå* og *Drivå*. Øynamn: *Tautrå* og *Gosså*. Det siste utgjør stordelen av kommunen Aukra. Skrivemåten Gossa har ikkje slått an sjølv om den er å sjå på mange kart. Svært mykje tyder på at

Gosså, i samsvar med talemålet, ville ha blitt godteke. "Protestforma" er Gossen, dativforma, og mange skjønar ikkje kvifor dei kan få skrive det. På mange kart finn me no likevel t.d. *Duå og Såtå* (to fjellnamn).

Til pkt 2.3. Forma *lisle* bør med fordel kunne brukast i Romsdal. Uttalen ligg nær (lisje)

Til pkt 2.6. Det vil høve bra for romsdalsmålet med Tjenn/Tjønn (regional samleform). Sameleis må det bli med Bjønn-/bjønn. Kva med jønn for jarn? Og gan for garn må vere kurant, i t.d. ganodden og sildganbukta. Og hånnet for hornet. Det siste er kanskje meir problematisk

Til pkt 2.10. Kva med *ausp og øsp* for osp? Utbreidde former i romsdalsmål.

Trelaget bjørk har talemålsforma *bjærk* i store delar av Romsdal og på Nordmøre. Skrivemåte bjerk eller bjærk som regional form?

Til pkt 3.1.1. Namnekonsulentane i Trondheim har normert til åa, kråa, råa, og øya m.fl. i heile Romsdal, sjølv om uttalen til no har vore åna, kråna, råna, øyna, bruna nesten heilt til Nordmørsgrensa. No ser me at at desse formene er nemnde som regionale samleformer. Det stør me opp om. Til no ser det ut til å ha vore ulik praksis mellom Bergen (normering etter uttalen) og Trondheim (futegrensa).

Kva med *tver-*? *Tverlia*, gardsnamn minst to stader i Romsdal. Kva med *Nørde i staden for Nødre*? *Nøre* har vore godteke av somme stadnamnfolk.

Meir til same punkt: *vikja*. I Romsdal/på Nordmøre var det ein stor diskusjon kring bygdenamnet som på mange eller dei fleste kart og vegskilt vart skrive *Angvik*. Endring til *Angvika* løyste ikkje problemet, for bygdeuttalen var/er *Angvikja*.

To sentrale fjellnamn i Romsdal er Kyrkjetaket/Kirketaket (Rauma) og Trollkyrkja/Trollkirka (Fræna). Det er dei formene me ser brukt. Uttalen lokalt og regionalt er i bygdemåla: Kjerketaket og Trollkjerka. Dette er den regionale samleforma.

Oppsummert. Dei nye reglane fangar opp ein del problemfelt og lanserer forbetringar. Framlegget i høve til svake hokjønnsord gjeld mange namn og er såleis noko av det viktigaste. Og som vist kan rett skrivemåte etter lokal uttale hindre misforståingar av kva namnet tyder.

Men er reglane å oppfatte som ei sterk oppfordring, ein hovudregel eller som eit alternativ til ei strengare normering i pakt med skriftspråka?

Elnesvågen, 5.01.18

For Romsdal mållag

Øyvind Fenne, leiar



Etnedal kommune

Plan og næring

Språkrådet

Deres ref.: Vår ref.: Arkivsak: ArkivID: Vår dato:
BYFSIV - 18/45 17/951 K2-L32 02.01.2018

Høyringsvar vedr. reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn.

Etnedal kommune har motteke framlegget til reviderte reglar for skrivemåten av norske stadnamn, datert 11.10.2017, med høyringsfrist 10.1.2018. Saka er behandla i Kommunestyret i møte den 14.12.2017.

I forskrifta til stadnamnlova, vedteken 23.5.2017, er rettskrivingsformer og regionale samleformer no likestilte i forskrifta, medan lokale dialektformer kan veljast «når særlege grunnar talar for det». Det samsvarar med den praksisen me har ynskt oss i Etnedal kommune gjennom mange år. Me ser det difor som svært positivt at det no er mogleg å tillempe skrivemåten av stadnamn til den lokale uttalen, noko som òg er nedfelt i stadnamnlova § 4. For oss har tre prinsipp vore særleg viktige:

- å kunne skrive *ø* for norrøn kort *o* og *q* (*Fødnes, Strønd*)
- å kunne skrive *dn* for norrønt *rn* i ord (*tjedn, hødn*)
- å kunne skrive *dn* for norrønt *rn* i fleirtal bestemt form av substantiv (*gutadn, jentudn*)
- å kunne skrive *-in* i bestemt form eintal av svake hankjønnsord (*bakkin, øddin*)

Dei to fyrste er omtala i dei nye særreglane, og det er me glade for, likeins som at me er glade for at me framleis kan bruke *-e* i bestemt form eintal av sterke hokjønnsord (*bygde*) og i bestemt form fleirtal av sterke inkjekjønnsord (*alle huse*).

NOKRE PUNKT SOM IKKJE ER OMTALA

-tn i fleirtal bestemt form av substantiv

I Valdres går det eit skilje mellom *-dn* og *-tn* som endingar i bestemt form fleirtal: Nord for Aurdal heiter det *gutadn, grisidn* og *jentudn*, medan det lenger sør (i Aurdal, Vestringsbygde, Sør-Aurdal kommune og Etnedal kommune) heiter *gutatn, grisitn* og *jentutn*. Same skilje har ein mellom øvre og nedre del av Hallingdal. Me vil be Språkrådet vurdere om det også kan vera rom for å få fram desse regionale skilja i særreglane.

Endinga -in i svake hankjønnsord

Bøyingsendinga -in av svake hankjønnsord er ikkje nemnd i dei nye særreglane. Sidan fleire regionale variantar av bestemt form hokjønn er tillatne, vonar me at det også blir opna for desse formene av svake hankjønnsord i lista over regionale samleformer.

På same vis ønskjer me skrivemåten med -in i fjellnamn der eit svakt hankjønnsord utgjer siste ledd: *Rundemellin*, *Skarvemellin*, til dømes. Endinga -in er òg nytta i førhistoriske stadnamn som *Tyin*, *Bygdin* og *Gjendin*, og i andre innsjønamn, som *Seksin*, *Syndin*, *Vindin*, *Leirin* og *Høvrin*.

Fastvaksen artikkel

I punkt 3.1 blir det opna for at ein kan bruke fastvaksen artikkel i bestemt form av hokjønnsord: *øyne*. Me går ut frå at det då òg er mogleg å bruke den fastvaksne artikkel i ubestemt form, noko som er vanleg i Valdres: *ei øyn*, *ei ån*.

Nokre andre regionale former

I Valdres er det naturleg å bruke dei regionale formene for adjektiva *nerre*, *nørre*, *sørre* og *øystre*, til dømes *Nerrebrennvegen* og *Sørregarlivegen*. Ein av dei seks valdreskommunane heiter då òg *Øystre Slidre*. Me vonar at desse formene skal koma inn i lista over regionale former som det er høve til å bruke i stadnamn.

STRUKTUREN I DEI NYE SÆRREGLANE

Som Språkrådet sjølv seier, hadde forskrifta frå 2007 ein kompleks struktur. Me forstår det slik at ein beheld den komplekse strukturen, med lova, forskrifta og til slutt «Rettleiing til forskrift om skrivemåten m.m. av stadnamn». Men forslaget som no er på høyring, og som skal erstatte punkt 3 i «Rettleiing ...», er ei klar forenkling av punkt 3, både i struktur og innhald.

Etnedal kommune ser òg positivt på at Språkrådet vil laga ei liste over regionale samleformer etter kvart som det blir gjort nye tilrådingar i namnesaker. Det gjer det enklare for alle partar å vita kvar grensa går mellom regionale samleformer og lokale dialektformer. Me er altså svært positive til det nye framlegget til punkt 3 i «Rettleiing til forskrift om skrivemåten m.m. av stadnamn». Samtidig vil me be Språkrådet vurdere om dei formene me har nemnt ovanfor, kan takast inn i lista over regionale former.

Med hilsen

Etnedal kommune v/Siv Byfuglien
oppmålingsingeniør

Etter våre rutiner er dette dokumentet godkjent og sendt uten underskrift.

UTKAST

Namnekonsulentane for Austlandet og Agder

Høyringsfråsegn om:

«Særlege reglar om skrivemåten av norske stadnamn»

Etter gjeldande regelverk skal skrivemåten av stadnamn baserast på den nedervde uttalen, og såleis er det alt i lova eit sterkt argument for dialektomsynet. Men sjølv om ei lang rekkje dialektale særdrag har kome til uttrykk i skrivemåten, har det aldri vore aktuelt å innføra målføreformer som generell regel i stadnamnnormeringa. Tvert om, gjeldande rettskrivingsformer og rettskrivingsprinsipp har vore og er sentrale føringar, jf. § 1 fyrste ledd i lov om stadnamn:

Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.

Når ein fylgjer den historiske lina for stadnamnnormering (sjå den vedlagde artikkelen), ser ein at omsynet til etymologi og rettskrivingsformer har vore det førande omsynet. I det ligg det at stadnamna er ein del av det vanlege språket og skal fylgja vanlege skrivereglar. Vidare ligg det i denne oppfatninga at normeringa skal ta omsyn til einskap og konsekvens slik at brukarane kan kjenna att og identifisera namna på same måte som anna språk. Andre viktige omsyn har vore at namnet skal kunna skrivast, lesast og formidlast i munnleg tale. Stadnamna er til for alle, ikkje berre for lokalsamfunnet. Innanfor desse rāmene har det likevel vore rom for ei lang rekkje dialektnære skrivemåtar.

Stadnamn har som andre namn tre funksjons- eller tydingsnivå: det fyrste som adresse til namneobjektet (referanse), det andre som ein språkhistorisk storleik (etymologi), og det tredje det innhaldet den einskilde legg i namnet (konnotasjon). Desse nivåa vil eit namn ha same kva form det har, men dess mindre gjennomskodleg det er, dess vanskelegare er det å identifisera og bruka det.

Framlegget til nye skrivereglar for stadnamn går i hovudsak ut på å opna for fleire dialektformer. Slik sett er det tale om ei vidareføring av unntak frå rettskrivinga som alt finst – og som til dels har eksistert sidan dei fyrste reglane for stadnamnormering vart sette i verk tidleg på 1900-talet, berre det at framlegget går langt vidare.

Som statlege rådgjevarar har altså namnekonsulentane – i samsvar med dei reglar og føringar som gjeld – akseptert slike fråvik frå rettskrivingsformene. Det gjeld mellom anna ein del namn som har vore vanskelege å etymologisera, som *Goro* i Aurskog-Høland, og ikkje minst jamningsformer som faktisk gjennomgåande vert “normerte” nær målføreuttalen, som *Hågån* for rettskrivingsforma *Hagen*. Å skriva *Midtmara* for *Memuru* (Gudbrandsdalen) ville truleg sjølv Gustav Indrebø halda seg for god til. På ordnivå er regionale variantar som *staul*, *støyl*, *støl*, *stål(e)* og fleire er aksepterte for gammalnorsk *stōðull*. Desse og mange andre regionale former, saman med eit stort variantapparat i endingsverket er nemnde i føresegnene frå 1957 og vidareførte i dei gjeldande skrivereglane.

Ved dei ulike revisjonane av skrivereglane for stadnamn har graden av målføreinnslag vore vurdert, og litt fleire dialektformer har kome inn etter kvart. For sterke hokjønnsord vart det gjennom Kartverket (og mot synspunkta til stadnamnkonsulentane) innført *e*-ending i eit par fylket alt rundt 2000. Namnekonsulentane gjekk imot denne praksisen, mellom anna av di det grammatiske systemet i normeringa vart brote. No kan ein seia at det trass i innvendingane ser ut til å fungera greitt, òg fordi det har vore gjort samlevedtak. Det noverande framlegget om å innføra *-o* og *-å* som ending i hokjønnsord inneber òg eit systembrot. Til no har *o*-endinga hovudsakleg vore brukt om dativ fleirtal (som i *Bergo*), medan *å* i ending fyrst og fremst har representert appellativet *å* (til dømes *Bergå(na)*).ⁱ Alt i 2005 gjekk departementet med på at ein kunne nytta blaute konsonantar etter uttalen, noko som òg markerte eit steg bort frå rettskrivingsformene. Vidare kom *tjønn* for *tjørn* inn i reglane etter at Kartverket hadde gått føre med denne forma, seinare òg *tjenn*. Parallelt med dette vart former som *bjønn* og *kvenn* tekne i bruk i normerte former. Framlegget til nye rettskrivingsreglar nemner ikkje ord av typen *Køya/Kjøya*, *Hjelm/Tjelm-*, *Tjern/Kjenn*, der det stundom er sterke lokale ynske om å avvika frå rettskrivingsprinsippa.

Ein spør seg om den føreslåtte liberaliseringa kan føra til vidare krav om former der gjeldande rettskrivingsprinsippa vert underordna. For oss som namnekonsulentar og med til dels lang røynsle i arbeidet fortonar dette framlegget seg som eit steg i feil lei, der omsynet til lokale instansar som kommunar, grendelag og einskildpersonar vert overordna dei faglege og pedagogiske omsyna. Me meiner altså at ein ikkje bør gå lenger enn det er gjort i dei reglane som gjeld no.

Andre innvendingar mot ei vidare «dialektifisering» av skrivemåten av stadnamn er at ein ikkje kan venta å få konsekvente opplysningar om uttalen. Stundom vil folk vera opptekne av meir normerte former, stundom vil det vera ynske om vokalar og konsonantsamband som gjer det vanskeleg å skriva dei, og å forstå dei for folk frå andre stader. For å identifisera dei einskilde formene, og kva som er rett dialektform, må konsulentane ha detaljert kunnskap om dei einskilde dialektane. Etter kvart vil det vera vanskeleg å halda oppe denne kompetansen mellom namnekonsulentane (og sekretærane).

Dei praktiske vanskaner for Kartverket og andre brukarar av stadnamn synest uoversiktlege. Stabilitet i namneverket er eit viktig omsyn for samfunnet. Når namn vert endra, oppstår det utryggleik om kva namn det er tale om, og kva dei viser til. Alt no har Sentralt stadnamnregister eit problem ved at det ofte er meir enn éi form som gjeld. Kva ei utviding av dialektformer vil få å seia, er det vanskeleg å sjå no. Ein risikerer å få langt fleire variantar inn i registeret. Når skal til dømes dei gamle vedtekne eller tilrådde skrivemåtane skiftast ut? Eller skal endå fleire alternative skrivemåtar vera «lovlege»? Noreg vil vera åleine om eit ha eit så uheilt nasjonalt namneregister.

Samlevedtak for ein del etterledd har vore praktisert i Kartverket i tida etter at lov om stadnamn vart sett i verk, og det har spart tid for namnekonsulentane. Denne framgangsmåten vil verta hemma om det nye framlegget vert innført. Konsulentane vil måtta bruka meir tid på å granska dei lokale variantane, og Kartverket må gjera fleire enkeltvedtak. Å handtera på ein forsvarleg måte dei oppgåvene som framlegget inneber, vil krevja auka ressursar både for stadnamntenesta og for Kartverket. Alt no er dei i knappaste laget.

Frå lokalt hald vert det argumentert for at stadnamn i målføreform vil hjelpa til med å halda opp den tradisjonelle dialekten etter kvart som påverknaden utanfrå aukar. Isolert sett kan det vera ein god tanke. Men skrivemåten av stadnamna kan likevel ikkje vera det midlet som skal halda oppe målføret. Elles bør det framhevast at dei noverande reglane faktisk i nokså stor grad vidarefører vesentlege særtrekk i målføret.

Konklusjon

Dei gjeldande reglane gjev rom for ei rekkje vesentlege dialektdrag og er såleis eit rimeleg godt grunnlag for å visa både regional og lokal tilknytning. Desse dialektale innslaga er kjende etter lengre tids bruk i stadnamnormering. Samstundes gjev dei gjennomgåande eit leseleg inntrykk av ordtilfanget og dei grammatiske kategoriane som ligg under.

Ei så omfattande utviding av dialektformer som framlegget opnar for, meiner me fører stadnamna i ei uheldig lei. Omsynet til stadnamn som praktiske språkformer i samfunnet, medrekna Kartverket, Vegvesenet, naudetatane, turismen, leveringstenester og fleire, tilseier at ein held på det normeringsnivået (eller dialektnivået) som no gjeld. Me vil dessutan ta til orde for at det vert gjeve meir informasjon om stadnamna til lokale instansar om dei prinsippa som bør gjelda for stadnamnormering.

Etterskrift

Denne høyringsfråsegna tek for seg dei prinsipielle sidene ved framlegget til nye normeringsreglar for stadnamn. Såleis er berre nokre få stadnamn nemnde som døme i vår kommentar. Me er kjende med dei fråsegnene som namnekonsulentane for Vestlandet og Midt-Noreg har levert, og dei punktvis merknadene som er nemnde der. I hovudsak slutta oss til dei.

Vidar Haslum (namnekonsulent) Botolv Helleland (namnekonsulent)

Vedlegg:

Botolv Helleland;

Dialektsynet i norsk stadnamnormering (Ord etter ord. Heidersskrift til Oddvar Nes. Bergen 1998)

Litteratur

- Bringhurst, Robert. 1996. *The Elements of Typographic Style*. 2. utg. Vancouver, British Columbia: Hartley & Marks.
- Duden. Bd. 1, *Die deutsche Rechtschreibung*. 21. utg. Mannheim etc.: Dudenverlag, 1996.
- Edda Sæmundar hinns Fróða. [Utg. Den arnamagnæanske Kommission.] Bd. 1 (1787), bd. 2 (1818), bd. 3 (1828). Hafniæ/Havniæ.
- Håndbok i norsk: *Skriveregler, grammatikk og språklige råd fra A til Å. Bokmål*. Hovedred. Dag Gundersen. Oslo: Kunnskapsforlaget, 1995.
- Kluge, Friedrich. 1963. *Etymologisches Wörterbuch der deutschen Sprache*. 19. utg. ved Walther Mitzka. Berlin: Walter de Gruyter.
- . 1989. *Etymologisches Wörterbuch der deutschen Sprache*. 22. utg. ved Elmar Seebold. Berlin: Walter de Gruyter.
- Nielsen, Niels-Åge. 1976. *Dansk etymologisk ordbok*. 3. utg. København: Gyldendal.
- Norrman, Ralf og Jon Haarberg. 1980. *Nature and language: A semiotic study of cucurbits in literature*. London: Routledge and Kegan Paul.
- The Oxford Companion to the English Language*. Utg. Tom McArthur. Oxford: Oxford University Press, 1992.
- The Unicode Standard, Version 2.0*. Utg. The Unicode Consortium. Reading, Massachusetts etc.: Addison-Wesley, 1996.
- Vinje, Finn-Erik. 1990. *Skriveregler: Bokmål*. 5. utg. Oslo: Aschehoug.

Dialektsynet i norsk stadnamnormering

BOTOLV HELLELAND

Problemstilling

I *Eyvindarbók* (Helleland 1992) skreiv eg ein artikkel om stadnamnormering i 150 år og hadde som undertittel «Ein balansegang mellom skrifttradisjon, etymologi, rettskriving og uttale». Desse fire balansepunkta vart på ingen måte uttømande drøfte, og eg har her lyst å gå litt nærare inn på den argumentasjonen som knyter seg til dialekt som rettesnor for skrivemåten av stadnamn.

Her møter ein to hovudsyn. Det eine er at uttalen må underleggjast rettskrivingsprinsippa, og at ein berre i visse høve kan vika av frå rettskrivingsformene. Det er dette synet som hovudsakleg har vore lagt til grunn for normeringa i dette hundreåret, medrekna lov om stadnamn. Det andre synet går ut på å skriva stadnamna etter uttalen utan omsyn til rettskriving eller rettskrivingsprinsipp. Særleg i lokalmiljøa har dette siste synet hatt tilslutnad, men òg fleire fagfolk har argumentert for ein dialekt nær skrivemåte av stadnamn. Ein finn naturlegvis ei rekkje meir nyanserte oppfatningar på bae sider.

Lov om stadnamn

Stadnamnlova kan vel seiast å representera dagens politiske kompromiss når det gjeld den plassen dialektuttalen skal ha i skrivemåten av stadnamn i offentleg bruk. Til grunn for lova ligg ein lang fagleg-politisk prosess der innstillinga frå Stadnamnutvalet (oppnemnt 12. oktober 1979) utgjer eit av hovuddokumenta. Dei to fyrste ledda i § 2 i Stadnamnutvalet sitt utkast til lov lyder:

- Til grunn for skrivemåten skal leggjast den nedervde, lokale uttalen.
- Skrivemåten skal følgja gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk (NOU 1983:6, s. 53).

Denne formuleringa er med eit par viktige modifikasjonar fylgd opp i § 4 i lova: Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. For finske stadnamn i Nord-Noreg skal skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i finsk.

I forskriftene til lova er formuleringa snudd om ved at ein skal ta utgangspunkt i eit sett rettskrivingsformer (hovudformer og sideformer) og velja den forma som høver best med uttalen, samstundes som det vert opna for ein del meir eller mindre spesifiserte dialekttrekk. I § 2-3 i forskriftene heiter det såleis:

Ved fastsetjing av skrivemåten skal det veljast ei hovudform eller sideform i den målforma som høver best med den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast nasjonale samleformer, regionale samleformer eller reine målføreformar når særlege grunnar talar for det.

Det er såleis berre i avgrensa grad at målføreuttalen i fylgje stadnamnlova kan attgjevast i skrift. Men kvar grensa for rettskrivingsformer og målføreformar skal gå, er mildt sagt uklårt. Og når ein ser at dei ulike namnekonsulenttenestene og vedtaksorgana opererer med ulike grenser for målføreinnslag i skrivemåten, er det openbert at grensene er flytande. Det må ha vore vanskeleg både for dei som har stått for førearbeida og for lovgevaren å formulera reglane med tanke på å finna eit skjeringspunkt mellom uttale og rettskriving. Resultatet vart heller ikkje lytelaust.

Etter stadnamnlova er det den overleverte lokale uttalen som skal leggjast til grunn for skrivemåten, noko som har støtte i tidlegare regelverk og i hovuddelen av det namnefaglege miljøet. Både i innstillinga til Stadnamnutvalet, i proposisjonen og i forskriftene til lova er uttrykket «den nedervde lokale uttalen» nytta. I § 1-1 i forskriftene er uttrykket definert slik:

Med den nedervde lokale uttalen er meint den uttalen som er munnleg overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk.

I prøvoførelsinga si for dr.art-graden har Kristin Bakken (sjå *Namn og Nemne* 14

(1997)) drøft termen «nedervd uttale» utførleg og kome til at han er for upresis og verdilada for å vera tenleg. I ein kommentar i eit komande nummer av *Namn og Nemne* har underskrivne argumentert for å halda på termen, og meiner han er godt eigna.

Historisk råde

Norske skriftstykke frå mellomalderen representerer ikkje nokon einskapleg ortografi. Dersom ein ser på stadnamn – det vil i hovudsak seia gards- og områdenamn – vil ein sjeldan finna same namnet skrive likt når det førekjem i ulike kjelder. Jamvel i same kjelda er det ikkje uvanleg at eit namn opptre i ulike skrivemåtar. I mellomalderbrev, der skivarane ofte var lokalkjende, kan ein rekna med at skriftformene langt på veg avspeglar talemålet på den tida brevet vart skrive, medan jordebøkene i større grad bygde vidare på eldre førelegg (jf. Rygh 1898:2, NOU 1983:6, s. 17). Alt i alt kan ein seia at mellomalderformene i stor grad er skrivne slik at dei er lette å halda saman med den etymologiske forma, noko som Namnekommissjonen av 1878 la vekt på då 1886-matrikkelen vart utarbeidd. Enno på 1500-talet finn ein mange døme på tradisjonelle skrivemåtar, særleg i breva, men etter kvart endra dette seg. I ein overgangsperiode i seinmellomalderen ser ein både svensk og dansk påverknad. Frå reformasjonstida og frametter vart skrivemåten meir og meir prega av ein skiftande dansk ortografi med mange ekstra bokstavar og mistydde former, særleg av namn som ikkje var så lette å gjennomskoda for skivarane. Men òg i namn av vanlege appellativ som *Dal*, *Nes*, *Vik* vrimlar det av ulike skrivemåtar. Fram til 1800-talet var det ikkje andre rettesnorar for skrivemåten av namn enn den praksisen som galdt for anna språk i det dansk-norske embetsverket, og i denne lange perioden vart namna skriftfeste i former som for ein stor del låg langt frå den lokale uttalen. Nokre namn langs kysten har vorte innarbeidd i forvanska former gjennom hollandske kart (jf. Hovda 1974).

I fyrste halvdel av 1800-talet byrja den fyrste medvitne normeringa av skrivemåten av stadnamn. Dette hekk saman med den veksande interessa for norsk språk generelt, men òg med at det offentlege ynskte betre orden i protokollane sine. I 1818 hadde Stortinget vedteke at det skulle arbeidast ut ein ny matrikkel, og då det midt på 1830-talet vart spørsmål om korleis namna i den nye matrikkelen skulle skrivast, kom det eit større innlegg i Morgenbladet som argumenterte for å kvitta seg med den tyske og danske innverknaden på namneverket og føra inn ein meir rasjonell og uttalenær skrivemåte. Gustav Indrebø, som har referert

innlegget i Norsk namneverk (Indrebø 1927:25ff.), kom til at innsendaren var Ludvig Kristensen Daa.

Kartografen og historikaren Gerhard Munthe fekk i oppdrag å gå gjennom namna i matrikkelen og koma med framlegg til ny skrivemåte. Han gjekk inn for å sløyfa stumme bokstavar som *h* i *Dahl* og *e* i *Moe* og setja *k* for *c(h)*, *v* for *w* o.l. Sjølv om den nye matrikkelen, som kom i 1838, var inkonsekvent og mangelfull, markerte han eit vendepunkt, for det fyrste av di spørsmålet om normering av stadnamn vart sett på dagsordenen, og for det andre av di ein heretter meir og meir la den norske uttalen til grunn for skrivemåten av gards- og områdenamna. Likevel var det framleis langt på veg «modersmålet» eller dansken sine rettskrivingsprinsipp som vart fylgde. I 1847 gav Munthe ut ei liste over dei viktigaste namna i landet, ordna fylkesvis. Det var fyrst i 1908 for Nord-Noreg (matrikkelen) og i 1913 for Sør-Noreg at «det offentlege tok til å føra namni yver til fullt norsk grunnlag» (Indrebø 1976:187).

Dialekt og skriftform midt på 1800-talet

Korleis har så «dialektsynet» kome til uttrykk i diskusjonen fram til lov om stadnamn vart vedteken? I diskusjonen omkring 1838-matrikkelen argumenterte Daa for at ein skulle fylgja uttalen i namn som *Stein/Sten*, at ein skulle nytta komposisjonsvokalen i målføret som i *Kolabu*, og at ein skulle nytta fullvokalen i endinga etter målføret (jf. Indrebø 1927:29). Somt av dette vart fylgt opp av Munthe, men han la, i den mon han hadde faglege føresetnader for det, større vekt på etymologiske omsyn. M.a. skreiv han *th* for eldre *þ*. Etter at 1838-matrikkelen var trykt, kom Daa med kritikk av Munthe for at han «ikke har kjendt den nu brugelige udtale, saa at han paa de fleste steder alene har havt den gamle matrikels danske skrivesæt og sine egne oldnorske navne af dokumenterne at gaa efter» (sitert etter Indrebø 1927:41).

Gustav Indrebø gav Daa rett i mykje av kritikken, men han forsvara Munthe med at korkje han eller andre kunne ha føresetnader for å skaffa fram uttalenære former, og at Munthe, trass i mange inkonsekvensar, prøvde å byggja på eit etymologisk prinsipp. Her kan ein faktisk skimta konturen av ei motsetning som skulle verta meir framtrudande i stadnamnormeringa på 1900-talet, nemleg om ein skulle fylgja ein målførenær eller ein meir rettskrivingsnær/etymologisk skrivemåte. Indrebø kom sjølv til å stå sentralt i denne striden, og då som tilhengjar av ei relativt sterk normering (sjå nedanfor).

Nokre år seinare kom P.A. Munch på banen. Han forsvara det prinsippet Munthe hadde gått inn for og utarbeidde sjølv ei liste over inndelingsnamn og bynamn (*Norske Stedsnavnes rette Skrivemaade*, 1847). I innleiinga til det historisk-topografiske skriftet om Noreg i mellomalderen drøfter han skrivemåten og seier at om han stod fritt, ville han skriva namna slik han fann det «rettest og mest stemmende med Udtalen», noko som «isaafald blot i en meget liden Grad vilde have afveget fra Oldsprogets [Skrivemaade]» (Munch 1849:XIX). Munch kan ikkje her ha meint eit reint fonemisk prinsipp, men heller at dei historiske formene kunne koma til uttrykk ved at bygdeuttalen vart lagd til grunn. Av praktiske grunnar kjende han seg likevel forplikta til å nytta den «vedtagne Skrivemaade».

Utetter 1840-talet kom det ein motreaksjon mot uttaleprinsippet frå embetsverket. Kyrkjedepartementet engasjerte riksarkivar Chr. Lange til å arbeida med saka. I eit notat frå 1847 argumenterte han mot Munthes matrikkelformer:

Men uagtet man maa indrømme, at udtalen – almuens og den dannedes - bør have en vigtig stemme i stedsnavnenes skrivemaade, naar ikke etymologi og analogi derved i væsentlig grad forstyrres, [...] maa det dog erklæres utilraadeligt eller idetmindste inconsequant at indføre denne norske udtale i stedsnavnenes skrivemaade, saalænge man, og vistnok med grund, ikke vil gjennemføre denne skrivebrug i sproget i det hele [...] (sitert etter Indrebø 1927:45).

Lange utarbeidde så ei liste over geistlege og sivile inndelingsnamn, og i denne lista er namna førte attende til dansk rettskriving, t.d. *Ager* for *Aker*. Ein av dei heller få som opponerte mot dette, var juristen Oluf Thesen, amtmann i Romsdal. Han meinte at «Ager gjengiver formeentlig paa ingen maade enten det gamle Akr eller den daglige tale» (etter Indrebø 1927:47). Det kan vera grunn til å merka seg at denne ytringa kom frå ein framsynt og frittalande mann som på fleire felt låg føre si tid (jf. Biografisk leksikon 16, s. 185f.). Chr. Lange svara på kritikken. Svaret er verdt å ta med, også for di det prinsipielt står på line med den argumentasjonen som seinare har vore nytta mot målføreformer i normeringa:

De gamle former Aker, Vik ere i analogi med skriftsproget gjengivne med Ager, Vig, fordi jeg ikke kjender nogen gyldig grund til at behandle stedsnavnene exceptionelt som sproget uvedkommende incrustationer. Saalænge skriftsprog og talesprog paa thing og i kirke er dansk, maa efter min formening stedsnavnene følge strømmen, ellers berøver man sig og andre den hjælp til at forklare

stedsnavnenes betydning som deres i det hele appellativiske natur yder (sitert etter Indrebø 1927:47).

Alt Thesen fekk ut av dette, var kritikk for ikkje å ha gått rett fram. Men Munthes matrikkelformer vart ikkje sett ut or spel for godt. I andre halvdel av 1800-talet hende det mykje som fekk verknad for skrivemåten av stadnamn. Ivar Aasen hadde gjeve ut *Det norske Folkesprogs Grammatik* (1848) og *Ordbog over det norske Folkesprog* (1850), og grunnlaget for landsmålet var lagt. Noko seinare la Knud Knudsen fram sitt program for eit skriftspråk basert på «den dannede landsgyldige tale», og språkstriden fekk vind i segla. I 1862 sende ein departementsfunksjonær, I.C. Boger, ut ei liste over inndelingsnamn der m.a. harde konsonantar var nytta. Denne lista vart revidert av Noregs geografiske oppmåling og gjeve ut i 1870.

I samband med ein ny matrikkelrevisjon slutta Stortinget seg i 1869 til ei komitéfråsegn om at namna i matrikkelen skulle reviderast, og at ein skulle leggja

almuens udtale til grund. Denne vil, i al fald naar den behandles konsekvent efter reglerne for det norske folkesprogs lydssystem som oftest ikke fjerne sig særdeles meget fra den oprindelige form, paa samme tid som den svarer til det sædvanemæssige og tilvante (sitert etter Indrebø 1927:57).

Dette vart presisert på fleire punkt, m.a. med at same namn i ulike delar av landet skulle skrivast likt. Det kom ikkje noko vidare ut av dette, og diskusjonen heldt fram. I 1878 kom det eit framlegg i same lei frå ein krins kring folkehøgskulen Vonheim i Gausdal om at

Regjeringen anmodes om at træffe foranstaltninger til, at gaardsnavne, bygde-navne og andre stedsnavne maa blive skrevne paa en rigtigere maade i overensstemmelse med bygdetalen og den oprindelige form (sitert etter Indrebø 1927:62).

Oluf Rygh og dialektgrunnlaget

Framlegget frå Vonheims-krinsen vekte ingen glød hjå styresmaktene. Det var ein annan som skulle få meir å seia i denne saka, nemleg historikaren og arkeologen Oluf Rygh. Same året kom han med eit framlegg om å nemna opp ein kommisjon til å gå gjennom namna i matrikkelen og revidera skrivemåten der det var naudsynt.

Etter hans syn måtte det hovudsakleg gå ut på å retta opp inkonsekvensar, sløyfa stumme bokstavar og elles retta på reine mistydingar. Den 11. april 1878 vart namnekommissjonen nedsett, med Rygh som formann, og saman med seg fekk han språkgranskaren Sophus Bugge og ordboksmannen Johan Fritzner. Mandatet deira bygde på Ryghs notat.

Kommisjonen kom straks i gang med arbeidet og gjekk grundig til verks. Sophus Bugge og Oluf Rygh samla inn uttaleopplysningar om namna. Rygh utførte sjølv mestedelen av det tidkrevjande arbeidet med å registrera skriftformer frå mellomalderkjeldene og utvalde etterreformatoriske kjeldegrupper. For Oluf Rygh og namnekommissjonen var den «ægte Bygdeudtale», ved sida av eldre skriftformer, den viktigaste hjelperåda til «at bestemme deres [Navnenes] rette Form» (Rygh 1898:3). Alt i det fjerde året av kommisjonens arbeid la Rygh fram ei stor, enno utrykt, dømesamling der han drøfte tilhøvet mellom uttale og skrift i gardsnamna. Samlinga har ikkje nokon tittel, men fyrste setninga i føreordet er opplysande: «Jeg framlægger herved efter Aftale for Navnekommissionen en udførlig Fremstilling af Forholdet mellem Gardnavnenes skrevne Former og Udtaleformerne» (sjå Harsson 1996). Dette manuskriptet er fyrst og fremst eit imponerande arbeid der ulike fonologiske drag ved gardsnamnmaterialet er systematiserte, men av og til vurderer han dei i høve til rettskrivingsproblematikken. Såleis meiner han at dersom ein skriv *Lid* med *d* i artikkellause namn (t.d. på Sunnmøre), bør ein òg skriva *d*'en i den bundne forma *Liden* (*Lida*) og i det heile der lyden vert uttala (Rygh 1882:111). Han understrekar likevel at «man kan ikke bestride Ønskeligheden af saavidt muligt overalt i Stedsnavnene at skrive almindelig kjendte, ogsaa som Appellativ hyppigt brugte ord ens» (s.st.). Harsson (1996:83) samanfattar Ryghs krav til ei rett skriftform slik: Ho skal

- vera i samsvar med ein ikkje-skriftpåverka bygdeuttale
- vera i samsvar med rett (opphavleg) etymologi
- vera i samsvar med ein moderne og meir ortofon skrivemåte.

Etter at matrikkelrevisjonen var fullført, arbeidde Oluf Rygh vidare med gardsnamnmaterialet og ordna det etter kvart i fylkesvise band med opplysningar om uttale, eldre skriftformer og tolkingar så langt han rådde med. Dette verket, med samletittelen *Norske Gaardnavne. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision*, tok til å koma ut i 1897. Rygh nådde sjølv å gje ut tre og eit halvt band pluss *Forord og Indledning* før han døydde i 1899, resten vart gjeve ut av

andre. Oppslagsformene i NG svarar stort sett til matrikkelformene, men har òg ein del endringar i retning av uttalen, noko som tyder på at Rygh i dei åra han arbeidde med namn, har vore litt på glid.

1905 – eit dialektalt innsmett

Ein kommisjon som vart nedsett i 1902 for revisjon av inndelingsnamna konkluderte i si innstilling frå 1905 med at skrivemåten skulle byggja på «bygdens egen udtale, rensset og normaliseret under tilbørlig hensyntagen til ordenes oprindelige skikkelse saavel som til befolkningens øre for den sproglige velklang» (sitert etter NOU 1983, s. 34). Denne heller ulne uttrykksmåten som to så framstående vit-skapsmenn som Gustav Storm og Ebbe Hertzberg hadde vore med å formulera, vart i 1912 avløyst av det meir konkrete programmet til Hjalmar Falk og Marius Hægstad om å ta landsmålet (nynorsken) som norm. Men i eit dialektperspektiv var dette viktig, etter som det vart opna for fleirtalsendinga *-an* i ord som var lite eller ikkje kjende i riksspråket.

Hjalmar Falk. Marius Hægstad. Gustav Indrebø

Trass i det solide vitenskaplege grunnlaget for arbeidet med namna i matrikkelen, vurderte Indrebø (1927:85) resultatet som «lite merkeleg». Hjalmar Falk og Marius Hægstad klagde i eit brev til Forsvarsdepartementet i 1913 på at 1886-matrikkelen var «litet tilfredsstillende for vor tids sprogfølelse» (sitert etter Indrebø 1927:87), særleg av di det ikkje tek stilling til «dialekt eller riksmål». Det finst innslag av dialektnære former i matrikkelen, t.d. *Myre* i Tinn, der *e*-endinga er den bundne artikkelen i eintal hokjønn. Etter reglane frå 1913 og seinare har denne typen vorte normert til *Myri* eller *Myra*. Matrikkelen nyttar elles stort sett felleskjønns-artikkelen *-en* i hokjønnsord, og når det slik som her vert nytta ei dialektform, ser Indrebø (s.st.) det som ein motstand mot å normera mot det nynorske skrift-mønsteret. Han peikar vidare på at skrivemåten *Myre* lett fører til feil tonelag.

Desse to var òg sentrale i arbeidet med nye inndelingsnamn, og i ei innstilling frå 1915 kommenterte dei kort kva rolle dialektuttalen burde spela ved normeringa. Under handsaminga av heradsnamna gjekk dei inn for å skriva namna i «tilslutning til uttalen under hensyn til oprindelsen». Men det ville ikkje seia at namna skulle opptre i dialektform:

Skjønt den egte bygdeuttale overalt kræver respekt, er den likesaalidt i navne som ellers egnet til at avgi den eneste rettesnor: en fonetisk skrivemaate – hvorved f.eks. Eidsberg blev skrevet Essber – lar sig ikke gennemføre. En viss normalisering under hensyn til navnets betydning og oprindelige skikkelse vil altid være paakrævet. Men denne normalisering maa – hvad hittil ikke gennemgaaende har været tilfælde – ha sit utgangspunkt i det ublandede norske maal, slik det avspeiler sig i vedkommende landsdels dialekt (Falk og Hægstad 1915:9f).

Gustav Indrebø, som kom til å prega stadnamnormeringa sterkt frå han vart konsulent i 1923 og til han døydde i 1942, fylgde opp det prinsippet som Falk og Hægstad hadde lagt grunnen til. Hans syn var at ein skulle leggja «den norske uttala på staden til grunn», men at ein måtte «normalisera etter norske målreglar» (Indrebø 1976:179 f.), noko som i praksis tydde nynorsk rettskriving, og ein passus om dette kom inn i den kgl. resolusjonen av 8. februar 1929 (Reglar um skrivemåten av stadnamn på offisielle kart). Det er likevel grunn til å merka seg at ei rad målførenære former kom inn i 1929-reglane, såleis jamningsformer som *stugu* og kortforma *hue* for *hovud*.

Dialektnær eller normert skrivemåte – eit stridsspørsmål mellom fagfolk

Ein fagmann som tidleg opponerte mot normeringslina til Indrebø, var Jakob Sverdrup. I ein kommentar til skrivemåten i Indrebø's verk *Norske innsjønamn* I gjekk han inn for at «man bør normalisere minst mulig» (Sverdrup 1925:116). For det kjende innsjønamnet i Øyer i Gudbrandsdalen burde ein t.d. skriva *Haunsjøen* som på det gamle amtsskartet og ikkje som i Indrebø's verk *Hornsjøen*. Indrebø (1926) gav eit utførleg svar der han gjekk med på at ein skal «taka omsyn til den lokale uttalen», men at den «halvveges ljodrette» skrivemåten *Haunnsjøen* (Indrebø skriv rettare *nn* i fyrsteleddet) for uttalen «Haunnsjøen» ikkje er serleg føremålstenleg. Lokalfolk er kjende med at appellativet *horn* vert uttala «haunn» og vil såleis ikkje ha vanskar med den normerte skrivemåten *Hornsjøen*, meiner Indrebø. Samstundes vil utanbygds gjennom denne forma lettare sjå kva ord som ligg til grunn for namnet.

Etter at landsmål/nynorsk vart innført som rettsnor for normeringa, har spørsmålet om dialekt nær eller normalisert skriftform i fleire høve vore eit stridsspør-

mål mellom konsulentane frå dei to sidene. Særleg ser det ut til at motsetningane har kome til uttrykk etter at Gustav Indrebø tok over som nynorsk-konsulent i 1923. Same året tok Didrik Arup Seip til som konsulent for bokmåls-sida, men han vart avløyst av Alf Sommerfelt alt i 1927. Per Hovda har nemnt (munnleg opplysning) at Seip gjekk ut som namnekonsulent av di han stod så sterkt på målføreformer. I eit seinare arbeid har Seip kritisert m.a. praksisen med å normera dialektale endingar i sterke hokjønnsord som *-el-ø* til *-i*, og *-ol-å* til *-a* (Seip 1934:276).

Oftast har likevel konsulenttilrådingane vore samrøystes, dvs. det var gjerne slik at nynorsk-konsulenten skreiv tilrådinga, og bokmåls-konsulenten skreiv under. Av materialet i Riksarkivet (Kyrkjedepartementet 842. D) går det fram at Seip og Sommerfelt i nokre høve ynskte større innslag av målføreformer, i andre høve meir tradisjonelle skriftformer. Då det i 1934 vart reist namnesak på soknenamnet *Opdal* i Tysnes, rådde Indrebø til skrivemåten *Uppdal*, subsidiært kunne han tenkja seg *Uggdal*. Påskrifta til Sommerfelt lyder:

Undertegnede slutter sig til professor Indrebøs forslag, men stiller som første form *Uggdal* og subsidiært *Uppdal*. Det vil være praktisk å skille sognenavnet ut fra andre Uppdals-navn og best velge en form som ikke avviker for sterkt fra uttalen.

Som kjent vart resultatet den dialekt-nære forma *Uggdal*.

I 1942 tok Per Hovda over som namnekonsulent etter Indrebø, medan Sommerfelt sat heilt til 1965, då Eyvind Fjeld Halvorsen kom inn. Ut frå grunnsyn og argumentasjonsform må det vera rett å seia at Hovda såg seg på mange måtar som ein arvtakar etter Gustav Indrebø, og han er nok den som i seinare tid i skrift og tale sterkast har argumentert for ei heller sterk normering (sjå t.d. Hovda 1969). Underskrivne, som saman med Eyvind Fjeld Halvorsen fungerte som namnekonsulent frå Hovda slutta i 1984 til stadnamnlova tok til å gjelda i 1991, fylgde i store drag opp denne praksisen. Med dei nye regionale namne-konsulent-tenestene har biletet vorte meir nyansert. Tilrådingane går til dels i meir dialektal lei enn før, samstundes som innarbeidde skriftformer i noko større grad enn før vart sleppte gjennom.

Denne meir romslege praksisen kan delvis vera motivert av at namne-konsulentane i ein viss grad må manøvrera mellom sterke samfunnsinteresser som påverkar vedtaksorgana, men òg ved at det i fagmiljøet og mellom konsulentane

er noko ulike meiningar om i kva grad ein skal la dialektuttalen koma til uttrykk i skrivemåten. Då Stadnamnutvalet arbeidde med utkast til nye føresegner, la Oddvar Nes fram eit utkast som tok inn ei rad målføreformer av kjende ord, t.d. *feir* for *fager*, *raug* for *raud*, *likkje*, *lisje*, *lisle*, *lisse* for *litle*. Det vart lagt til grunn for eit revidert framlegg til nye føresegner, som Nils Hallan i ein kommentar (datert 28.11. 1980) til utvalsmedlemmen Jørn Sandnes karakteriserte som «både godt og gali», men som han meinte var prega av «mykje galenskap». Om ein ville utvida talet på tillatne former av eit ord som *litle*, kvifor skulle ein då nøya seg med dei fem, og ikkje ta med *likkj-*, *lissj-* og *liss-*? spurde Hallan. Mangelen på konsekvens var hans hovudinnvending mot auka innsig av målføreformer. Hallans syn gjekk med andre ord ut på å halda på ei relativt sterk normering. Også målførefor-granskaren Ingeborg Hoff var i mot å gje større konsesjon til uttalenære former, m.a. av di «slike skrivemåtar [kjem.] ofte ikkje eingong til å gjeva målføret rett att. Det finst vel ikkje noko land i verda som normerer etter dette slag prinsipp» (Hoff 1971:293).

Dialekt i normeringa sett i høve til nynorsk-bokmål

At stadnamnormering har vore sett på som ein del av målstriden, torer gå fram av det faktum at det sidan 1912 og fram til 1991 har vore ein namnekonsulent frå kvar av malleirane (jf. ovanfor). Prinsippet vart vidareført då den nye konsulent-ordninga var instituert i 1991 som fylgje av stadnamnlova. Stadnamnutvalet hadde i si innstilling gjort framlegg om at «dei to konsulentane i kvar universitetsregion skal representera kvar sitt hovudmål» (NOU 1984:6, s. 75), noko departementet altså fylgde opp. Men så vidt eg kan sjå, er ikkje ei slik fordeling nedfelt i noko regelverk og heller ikkje nemnd i proposisjonen til stadnamnlova. I føresegnene frå 1957 står det einast at Kyrkjedepartementet tilset namnekonsulentane – «i regelen to».

Før stadnamnlova vart sett i verk, skulle nynorsk rettskriving (med ei rekkje modifikasjonar og tillempingar) fylgjast ved fastsetjing av skrivemåten, og ut frå dette var det gode grunnar for at den eine av dei to konsulentane representerte riksmåls-/bokmåls-sida. Som nemnt ovanfor nøyer stadnamnlova seg med å seia at «Ved fastsetjing av skrivemåten skal det veljast ei hovudform eller sideform i den målforma som høver best med den nedervde lokale uttalen» (§ 2–3 i forskriftene). Såleis er dei to måla stilte likt, og dei målpolitiske argumenta kunna falla bort. Eg

kjenner òg til at departementet under evalueringa av stadnamnlova har vore inne på tanken om å fråvika prinsippet om to likeverdige konsulentar med ulik mål-bakgrunn ved dei regionale konsulenttenestene. Men i ei fråsegn om evalueringa, vedteken på samrådsmøte 18.-19.9.1997, gjekk namnekonsulenttenestene inn for å be departementet halda oppe ordninga med målrepresentasjon frå båe leir-ane, m.a. med den grunngjevinga at det vil «være av betydning at konsulentene har forankring i ulike normeringstradisjoner».

Når det har vore diskusjon om skrivemåten av stadnamn, har det frå bokmåls-sida og særleg frå riksmålssida kome ynske om å gje målføreformene større rom. Dette gjeld fyrst og fremst i naturnamn. For gards- og bruksnamn har denne sida ofte argumentert for å halda oppe tradisjonelle skriftformer. Dette kom til uttrykk i ei særfråsegn frå mindretallet Aksel Lydersen og Gorgus Coward i innstillinga til Vogt-komiteen (jf. Innstilling om språksaken, s. 41):

Våre bestemmelser om stedsnavn [navn på bygder, tettbebyggelser, fjell, fjor-der, elver, øyer, grunner o.lign. som kan bli avmerket på kart eller draft, og som ikke er bruksnavn, gårdsnavn eller bynavn] og deres praktisering har hatt en tendens til å fjerne mange norske dialektuttrykk, å gi en uniformering som synes unødig og upraktisk og å neglisjere den lokale befolknings ønsker.

Hevdvunne former bør ikke endres mot den lokale befolknings ønske, og endringer bør ikke i utrensmål være slik at navnet avviker mere enn før fra den lokale uttale.

I ei særfråsegn (s. 40) frå eit mindretal med bakgrunn i nynorsk (Ivar Eskeland, Magnhild Hagelia, Einar Hovdhaugen og Johs. Aanderaa) vart òg målføreuttalen framheva som grunnlag for skrivemåten, men dei gjekk inn for ei viss normering:

Ved fastsetting av skrivemåten av stadnamn skal så langt rimeleg råd er den lokale uttaleform leggest til grunn. Skrivemåten kan normalisere uttaleforma når det gjeld fonetiske avvik og i ein viss monn elles når det gjeld kjende ord og namneelement. Der det ikkje bryt for sterkt med uttaleforma kan det i ein viss utstrekning vera rett å ta omsyn til det språkleg-historiske innhald i namnet.

Kartverket

Statens kartverk har som vedtaksorgan for storparten av stadnamna avgjerande innverknad på skrivemåten av dei namna som kjem på karta. Før stadnamnlova vart sett i verk, fylgde kartverket stort sett opp tilrådingane frå konsulentane. Seinare har det vore meir aktivt med gjennom innspel overfor departementet og ved egne vedtak. Såleis spelte Statens kartverk ei viktig rolle då dei assimilerte formene *tjønn* (for *tjørn*), *tjenn* (for *tjern*) kom med i dei nye forskriftene. To av fylkeskartverka (Buskerud og Oppland) har seinare gjort samlevedtak om å nytta endinga *-e* i sterke hokjønnsord i samsvar med målføret.

Eit kartografisk problem med konsekvens for målføreform/normert form er den inkonsekvente skrivemåten på ulike kartseriar og kartutgåver. Då det økonomiske kartverket (ØK) kom ut på 1970-talet og utetter, vart det oppretta lokale namnekomitear som skulle koma med framlegg om namn. Sjølv om det var sagt i retningslinene for namnsetjinga at ein skulle fylgja gjeldande reglar for skrivemåten, vart det ofte valt meir dialektnære skrivemåtar enn det forskriftene tilsa (derimot fekk gards- og bruksnamn ikkje sjeldan ei eldre skriftform som òg kunne stå i strid med reglane). Namnekonsulentane fekk ikkje høve til å gå gjennom namna, og dei ville heller ikkje hatt kapasitet til det med dei ressursane dei rådde over. Derimot heldt dei fram med å kontrollere namn på N50-serien (hovudkartserien til Statens kartverk) og såg meir eller mindre bort frå dei formene som var nytta på ØK. Dei tenkte vel at namna på ØK-karta skulle justerast etter N50-serien etter kvart som det økonomiske kartverket vart revidert.

Men slik gjekk det ikkje, og då lov om stadnamn vart sett i verk, vart namna på ØK og andre offentlege kartverk i prinsippet likestilte. I dei mange høva det er avvik i skrivemåten mellom dei ulike kartverka, må kvart namn vurderast for seg og få fastsett skrivemåte etter reglane i lova. Dei namneansvarlege ved fylkeskartkontora har ikkje sjeldan gjort vedtak som har favorisert ØK-forma, eller ei tredje form, og då oftast ei meir dialektnær form for naturnamn. Problemet er at det vil førekoma to eller fleire 'offisielle' skrivemåtar av same namnet i lang tid, og i mellomtida kan den "feilaktige" forma verta meir brukt enn den "rette" etter lova.

Lokale høyringar

Både under arbeidet med innstillinga frå Stadnamnutvalet av 1979 og under arbeidet med proposisjonen fekk ei rad lokale instansar høve til å uttala seg. Det synte seg då at mange kommunar, særleg på Vestlandet og Sørlandet, meinte at

målføreformene måtte få større rom. Fleire Sørlands-kommunar argumenterte for blaute konsonantar. Dette målføredraget vart ikkje teke inn i forskriftene i 1991, men fekk derimot plass i dei reviderte forskriftene frå 1993.

Venteleg vil dei lokale røystene la seg høyra framover. Når eit vedtaksorgan alt har opna for *Lie, Åe* (i staden for *Lia/Lii*) må det te seg som urimeleg at andre ikkje kan få gjennomslag for *Lio, Åno*. Både for namnekonseptane og for vedtaksorganane må det vera spanande å sjå kva lei utviklinga tek. Det har vist seg at ein regel ikkje varer lenger enn eit fleirtal vil.

Eit reelt alternativ?

Kan det tenkjast eit alternativ til den normeringspraksisen som i hovudsak har vore fylgd i snart hundre år? Historisk sett knapt nok, og i realiteten heller ikkje i dag. Men om ein skulle ta til på nytt med blanke ark, ville det etter mitt syn prinsipielt ikkje vera noko i vegen for å ta i bruk målførenære former i eit heilt anna omfang enn i dag – utan at ein gjekk så langt som til å innføra fonematiske skrivemåtar. Ein er ikkje bunden til ein systemrett eller einskapleg skrivemåte for å bruka namnet som namn. Det er ynsket om system og metaspråkleg forståing som er hovudårsaka til at ein har vilja avgrensa talet på formtypane i skrift, og ynsket om å handsama stadnamna etter tilnærma same prinsipp som anna skriftspråk. Dessutan ville det vera halslaus gjerning med tilgjengelege ressursar å skaffa dei opplysningane som trengst for ein konsekvent målførenær skrivemåte.

Men eit namn fungerer som namn innanfor ein mindre eller større brukarkrins anten det er skrive *Lia, Lii, Lie, Lia, Liei, Lio, Liå*. At *Lie* kan tolkast som *Li* med tillagd stum *e*, eller *Liå* som *Li-å*, spelar neppe særleg rolle i ein kommunikativ kontekst. Kanskje gudbrandsdølene ville føretrekkja *Haun(n)sjøen* framfor *Horn-sjøen*? Så fekk lokalfolk og namnegranskarane fortelja dei andre at denne forma reflekterer *Horn*-. Ein kunne òg seia at med tanke på å ta vare på målføret vil ein dialektal skrivemåte vera ei vinning, for om hundre år er mange målføredrag borte. Ein har elles mange bra døme på lokal bruk av stadnamn med målførenære former.

Eg har ikkje sett at fagfolk eller andre som har argumentert for meir dialekt-nære former, har arbeidd ut meir systematiske oversyn over konsekvensen av eit slikt syn, slik dei normeringstrugne har gjort. Eit lite tillaup til systematisk tenkjing ser ein moegeleg hjå Halvdan Koht, som i ein artikkel i Østlandsk reisning frå 1918 tok til orde for at ein måtte ha «levande nynorsk form» på stadnamna (Koht 1974:122). Han tykte ikkje det var noka god namnebøting at ein t.d. for den

eldre skriftforma *Urskog* nøydde seg med *Aurskog* – her ville han ha bygdemålsforma *Ørskau*. For det gamle *Bergheim* burde ein ikkje stogga ved *Berum*, men skriva *Berrom*. *Vin*-namna ville han gje den endinga dei hadde i målføret, t.d. *Løkje, Løkji/Løkji*, og ikkje samleforma *Løken*. «Det er samma grauten alt ihop, ingen skilnad paa bygdene. Her maa naa haar bygd for seg faa inn si eia form, saa namna kan bli kjennelige for bygdefolket» (s.st. s. 124). Men han ville ikkje gå så langt som til å innføra lydrette former som *Hau* for *Haug* og *Rø* for *Rød*.

For ikkje å uroa mottakaren av festskriftet og andre med ansvar for det offentlege namneverket vil eg slutta med å seia at mitt syn står fast. I vår historiske situasjon er lina frå Falk og Hægstad via Indrebø den beste for normering av stadnamn. Men den alternative vegen fekk heller aldri sjansen.

Litteratur

- Biografisk leksikon = Norsk biografisk leksikon*. Red. av Jonas Jansen, Øyvind Anker & Gunvald Bøe. Bind 16. Oslo 1969.
- Falk, Hjalmar og Marius Hægstad, 1915: *Utredning om landets inndelingsnavne*. Kristiania.
- Harsson, Margit, 1996: Tilhøvet mellom skriftformer og uttaleformer av gardsnamn. Om eit uttrykt manuskript etter Oluf Rygh. I: *Norsk stadnamnarkiv 75 år. 1921–1996*. Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1995. Red. av Tom Schmidt. Oslo, s. 71–84.
- Helleland, Botolv, 1992: Stadnamnormering i 150 år. Ein balansegang mellom skrifttradisjon, etymologi, rettskriving og uttale. I: *Eyvindarbók. Festskrift til Eyvind Fjeld Halvorsen 4. mai 1992*. Red. av Finn Hødnebo o.fl. Oslo, s. 95–107.
- Hoel, Oddmund Løkensgard, 1989: Striden om normering av stadnamn i etterkrigstida. Motiv, handlingar og motsetnader. I: *Namn og Nemne 6*, s. 15–26.
- Hoff, Ingeborg, 1971: Om innsamling, gransking og normering av namn. I: *Heimen (XV)*, s. 287–298.
- Hovda, Per, 1969: Nasjonal og internasjonal standardisering av stadnamn. Tankar kring eit språkvitskapleg spursmål. I: «Med lov skal land byggjast». *Heiderskrift til Knut Robberstad 70 år*. Oslo – Bergen – Tromsø, s. 55–66.
- Hovda, Per, 1974: Hollandsk innverknad på namn i norske kart. I: *Namn och bygd 62*, s. 78–81. Opptrykt i: *Frå hav til hei. Heiderskrift til Per Hovda på 70-årsdagen 17. oktober 1978*. Oslo – Bergen – Tromsø 1978, s. 185–188.
- Indrebø, Gustav, 1926: Norske innsjønamn. Eit tilsvaer. I: *Maal og Minne*, s. 150–168.
- Indrebø, Gustav, 1927: *Norsk namneverk*. Oslo.
- Indrebø, Gustav, 1976: Kartverk og stadnamn. I: *Kva er målreising?* Ei artikkelsamling ved Jarle Bondevik og Oddvar Nes. Bergen, s. 178–193.
- Innstilling om språksaken fra komiteen til å vurdere språksituasjonen m.v. oppnevnt ved kongelig resolusjon 31. januar 1964*.
- Koht, Halvdan, 1974: Norske gardsnamn. I: *Østlandsk reisning 1916–1926*, s. 119–124. Redigert av Ernst Håkon Jahr. Oslo. [Frå *Østlandsk Reisning* nr. 2, nov. 1918.]

Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn.

Munch, P.A., 1849: *Historisk-geographisk Beskrivelse over Kongeriget Norge (Noregsveldi) i Middelalderen*. Moss.

Munthe, [Gerhard], 1847: *Norske Stedsnavnes rette Skrivemaade, en Fortegnelse, forsaavidt Landdistricterne angaaer, over samtlige Rigets Amter, Fogderier, Thinglage, Præstegjælde og Kirkesogne samt endeel af de vigtigste Gaarde, uddragen af den af Capitain Munthe efter offentlig Foranstaltning gennemgaaede fuldstændige Udgave af den nye Matricul*. Forsynet med et alphabetisk Register. Christiania.

NOU 1983:6 = *Noregs offentlege utgreiingar* 1983:6. Stadnamn. Frå eit utval oppnemnt ved kongeleg resolusjon 12. oktober 1979. Lagt fram for Kultur- og vitenskapsdepartementet i mars 1983. Oslo 1983.

Rygh, O[luf] 1882: «Forholdet mellom Gaardnavnenes skrevne Former og Udtaleformene». Hektografert manus, utan tittel. Christiania.

Rygh, O[luf] 1898: *Norske Gaardsnavne*. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision. *Forord og Indledning*. Christiania.

Seip, Didrik Arup, 1934: *Norske stedsnavn*. I: *Studier i norsk språkhistorie*. Oslo, s. 274–278. Opptrykk etter *Aftenposten* 15. april 1931.

Sverdrup, Jakob, 1925: *Våre innsjønavn*. [Melding av] Gustav Indrebø: *Norske innsjønavn*. 1. Upplands fylke. (Videnskapsselskapets skrifter. II. Hist.-filos. klass. 1923. No. 7.) I: *Maal og Minne*, s. 113–131.

Systembundet navngivning i bergenske skipsnavn 1945-1998

OLE-JØRGEN JOHANNESSEN


Ved blot at høre navnene på de skibe, der er navngivet efter bestemte systemer, kan man ofte med det samme finde ud af skibenes nationalitet og rederi, hvis man da er nogenlunde søfartskyndig.

(Otto Ludwig)

Det er åpenbart et paradoks at skipsfartsnasjonen Norge i det store og hele mangler vitenskapelige undersøkelser av den nasjonale skipsnavnstradisjonen. Nørrøne skipsnavn, overlevert i ulike kilder som sagatekster, diplomer, engelske tollruller osv. er hentet fram, forklart, fortolket og systematisert av filologer og historikere¹, mens skipsnavnene fra nyere tid fortsatt ligger og venter på en onomastisk gjennomgang. Riktignok har Per Hovda skrevet litt om navn på småbåter fra Ryfylke², og Bjarne Rogan har i en rekke arbeider tatt for seg navn og navngiving av fritidsbåter ut fra et etnologisk perspektiv³. Det lille som er skrevet om navn og navngiving av skipene i vår handelsflåte, finnes enten i form av avisartikler⁴, i vanskelig tilgjengelige rederiblader⁵, i lokalhistoriske årbøker⁶ og i rederihistorier⁷.

I den nordiske onomastiske faglitteraturen om skipsnavn, som heller ikke teller så mange titler, finnes det henvisninger til norske forhold, men de er oftest summariske og bygger på allment kjent stoff⁸.

Denne artikkelen henter sitt materiale fra bergensflåten etter den andre verdenskrig. I utgangspunktet startet innsamlingen av materialet med fem «spadestikk» i den mest relevante kildeinnsamlingen for skipsnavn, Skipsregisteret til Det norske veritas for årene 1950⁹, 1960¹⁰, 1970¹¹, 1980¹² og 1986¹³ fordi oppbygningen av kilden fram til 1986 gjør det enkelt å anlegge såvel et nasjonalt som lokalt



Oddvar Nes

Ord etter ord

Heiderskrift til Oddvar Nes
27. desember 1998

Redigert av
GUNNSTEIN AKSELBERG og JARLE BONDEVIK

NORSK BOKREIDINGSLAG

BERGEN 1998

Språkrådet

Me tykkjer det er bra at den nye forskrifta til lov om stadnamn er klårare og difor og lettare å tyda.

Slik me ser det er det både positive og negative sider ved Språkrådets opning for fleire skrivemåtar av stadnamn som er i tråd med den lokale nedervde uttalen.

Positivt er det jo at ein skrivemåte som byggjer på den lokale nedervde uttalen truleg vil styrkja den nedervde uttalen. Men samtidig fører ei slik opning til at det vert ei større fragmentering av ei rettskrivingsform som allereie peikar i mange leier.

Alt i alt stør me i Norsk namnelag framlegget til reviderte reglar for skrivemåten av norske stadnamn.

Frode Myrheim, leiar Norsk namnelag

Vi viser til framlegget frå Språkrådet datert 16.10.17 Høyring om reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn

Toten dialekt- og mållag meiner Språkrådet bryt med norsk normeringstradisjon når dei i framlegget går så langt i å opne opp for dialektnære skrivemåtar av stadnamn. Dei språklege særreglane skal utfylle stadnamnlova og stadnamnforskrifta, ikkje endre dei. Toten dialekt- og mållag vil gi nokre døme på kva vi meiner blir dei praktiske konsekvensane av ein slik liberal språkpolitikk på stadnamnfeltet.

I stadnamnlova §1 fyrste ledd står det: «Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.»

I Toten dialekt- og mållag er vi opptekne av at stadnamna fyrst og fremst tener som geografiske referansepunkt. Derfor er det viktig at stadnamna har *ei skriftform som er praktisk*, slik det står i lovteksta. Vi meiner derfor at det er eit brot på lova å opne for dei mange regionale samleformene. I tabellen under punkt 2 i framlegget frå Språkrådet er det for ordet *tjern* lista opp to rettskrivingsformer og fire regionale samleformer; og slik vi forstår det, skal desse 6 formene vera sidestilte. Og «når særlege grunnar talar for det» kan lokale dialektformer også veljast.

Det står riktig nok på toppen av tabellen under punkt 2 i framlegget at «Tabellen er ei dømeliste og ikkje ei oversikt over former tillatne i stadnamn.» Men måten Språkrådet har presentert dette på, gjer at ein kan få inntrykk av at rettskrivingsformene, dei regionale samleformene og dei lokale dialektformene er sidestilte.

I punkt 4 i framlegget gir Språkrådet «Døme på regionale former som kan nyttast (ikkje uttømmende)» Og på toppen av denne tabellen står det : «Lista skal fyllast ut etter kvart, til dømes når nye vedtak blir gjort.» I Toten dialekt- og mållag meiner vi dette forslaget er uheldig.

Vi veit at det i kommunane er så ymse med den stadnamnfaglege kompetansen. Og da blir det gjerne til at dei som er mest høgrøsta får viljen sin. Med tida vil meiningane skifte, og det er vel mogleg at stadnamna vil skifte skrivemåte i takt med at dialektane endrar seg, og i takt med at politikarar kjem og går. Dersom dette framlegget til språkreglar blir vedteke, kan det kome til å bli enda meir krangling om skrivemåtane enn det har vore.

Det er nødvendig at stadnamna har føreseielege og stabile skrivemåtar. Stadnamna skal tene som vegvisarar for folk flest. Dei som er lokalkjende finn sjølv sagt fram utan kart og vegskilt, men tilreisande skal også kunne finne fram. Og ikkje minst naudetatane – dei treng å finne fram raskt!

Eit tenkt døme: Nokon har køyrt på ein elg ved «Svarttjødnet» og både folk og elg treng hjelp fortast råd. Det er ikkje lokalkjende folk som tek imot beskjed om ulykka hos politi og ambulanse, og derfor blir det ikkje oppfatta kor Svarttjødnet ligg hen i geografien. Kva dette kan føre til kan vi berre tenkje oss. Men dersom naudetatane hadde fått opplysning om at namnet hadde skrivemåten *Svarttjernet*, ville det truleg vore enklare.

§12 i stadnamnlova seier: «Det skal førast eit sentralt stadnamnregister. Alle skriftformer som er endeleg fastsette, skal meldast til stadnamnregisteret av det organet som har gjort vedtaket. Opplysningane i registeret er offentlege.»

Dersom dei mange ulike regionale samleformene skal inn i sentralt stadnamnregister SSR, og etter kvart, «når særlege grunnar talar for det», truleg også lokale dialektformer av ymse slag, ser vi for oss at Sentralt stadnamnregister missar den funksjonen som dette registeret er meint å ha. «Noregs

offisielle register over stadnamn i offentleg bruk»

I §4 fyrste ledd i stadnamnlova står det m.a.: «Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk.» Slik vi forstår dette, skal ein ta utgangspunkt i dialektuttalen, men likevel skal ein følgje norske rettskrivingsprinsipp når ein skal fastsetta skriftforma. I alle fall er dette hovudregelen. Det avgjerande spørsmålet er: Kva er eit rettskrivingsprinsipp? Definisjonen i § 2 i stadnamnlova seier om rettskrivingsprinsipp: «allmenne reglar for korleis lydar og lydkombinasjonar skal givast att i skrift» Men denne definisjonen kan tolkast på ulikt vis, og Språkrådet burde gjera utførleg greie for kva slags tyding som skal leggst i omgrepet «rettskrivingsprinsipp».

Vi sit med fleire spørsmål etter å ha lese Språkrådet sitt forslag til «Særlege reglar om skrivemåten av norske stadnamn»:

- Vi har forstått det slik at omgrepet «regionale samleformer» fyrst vart teke i bruk i forskrift om stadnamn som vart fastsett av Kulturdepartementet mai 2017. (Og spørsmålet burde kanskje ha vore stilt direkte til Kulturdepartementet.) Dette kan tyde på at landet skal delast inn i språklege regionar. Kor mange regionar kan vi ha i kvart fylke? Det vil sikkert vera avhengig av kor dialektgrensene blir plassert, men her i Oppland fylke ser vi for oss at vi sikkert treng 6-7 regionar. Korleis skal desse regionane organiserast?
- Det kan vel tenkjast at mange kommunar finn «særlege grunnar» til å ta lokale dialektformer i bruk, og at dei gjer vedtak om dette. Er det da slik at alle dei lokale formene skal inn i Sentralt stadnamnregister?
- Vil det framleis vera slik at eitt og same stadnamn, som hovudregel berre skal ha ein skrivemåte?
- Kor ofte skal kommunane kunne endre skrivemåten på eitt og same stadnamn?
- Eitt og same namn vil lett kunne få ulik skrivemåte i ulike digitale kjelder. Når ei namneform på eit namn gir treff i ei kjelde, er det ikkje sikkert at ein får treff på det same namnet med tilsvarande skrivemåte i ei anna kjelde. Mange vil sjå på dette som eit problem. Kva meiner Språkrådet?

Oppsummering

Toten dialekt og mållag meiner det bør vera ein einskapleg normeringspraksis som gjeld alle norske stadnamn. Tilreisande og naudetatar skal lettvinnt kunne finne fram, og da lyt stadnamna vera enkle å skrive, enkle å uttale, lette å hugse og lette å formidle både skriftleg og munnleg. I all hovudsak bør da norske rettskrivingreglar (bokmål eller nynorsk) og norske rettskrivingsprinsipp følgjast. Vi er ikkje i mot at det skal kunne gjerast enkelte unnatak, men vi meiner Språkrådet går alt for langt i å tillate dialektformer i stadnamn i offentleg bruk. Vi høyrer stadig i media om folk som meiner det er for krevjande med to norske skriftspråk, og da er det nokså paradoksalt at det på stadnamnfeltet skal opnast opp for mange fleire «skriftspråk». Den norske stadnamnnormeringa som har vore praktisert i meir enn 100 år, er ikkje mogen for søppeldynga.

Toten dialekt- og mållag

10. jan. 2018

v/ Jorunn Aarsby



VANG KOMMUNE

Ordfører

Språkrådet

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ELTVID -17/953 -2

Arkiv:

L32

Vår dato:

04.01.2018

Høyringsuttale frå Vang kommune til reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn

Vi viser til høyringsdokument frå Språkrådet om framlegg til reviderte reglar for skrivemåten av norske stadnamn.

Reglane på høyring skal erstatte punkt 3 i «Rettleiing til forskrift om skrivemåten m.m om stadnamn». Rettleiinga skal endeleg godkjennast av Kulturdepartementet. Vang kommune har tillit til at departementet og Språkrådet følgjer opp intensjonen i ny *forskrift om stadnamn, vedteken av Kulturdepartementet 23. mai 2017*, og at rettleiinga sikrar det vern regionale samleformer og lokale dialektformer er meint å ha gjennom lova og forskrifta.

Kommunane i Valdres er godt nøgde med at retningslinene om skrivemåten av stadnamn no er oppmjuka mykje, og legg til grunn at den nye rettleiaren ikkje blir strengare enn framlegget som er til høyring. Dei innspel lokale stadnamnemnder og språkkunnige som Aud Søyland i Nord-Aurdal bringar inn i høyringsrunden, følgjer logisk av strukturen rettleiaren legg opp til. Vang kommune ber om at også dei suppleringsane Valdres fremmar her, blir tekne til følgje.

Valdres verdset at me har fått gjennomslag for to viktige prinsipp: *ø* for gammal kort *o* og *o* med kvist, og *dn* for eldre *rn*, som i *tjedn* og i fleirtalsendingane *-adn*, *-idn*, *-udn*. Båe prinsippa heimlar former som gjennomgåande er nytta i vegadresseringa i Vang. I 2014 fekk Vang kommune avslag på klage vi sende etter at Språkrådet hadde tilrådd og Kartverket vedteke «tjern» som einaste lovlege skrivemåte. Vi er glade for at det no blir høve til å bruke forma *tjedn*, og reknar 2014-vedtaket som oppheva med dei nye retningslinene.

Like viktig og naturleg for Vang som dei to prinsippa som er gitt gjennomslag, er at også endinga *-in* (Skørisbakkin, Fleinsendingin ofl.) blir akseptert og bygd inn i rettleiinga etter høyringsrunden. Endinga *-in* er sterkt ynskt og er ein markør for Vang både i tale og skrift.

Det same gjeld adjektiv av typen *nerre*, *sørre* osb. (jf. Sørre Hemsing, Nørre Leine ofl.). Vi støttar uttala frå Nord-Aurdal kommune og reknar med at desse formene kjem inn i lista over regionale former det er høve til å bruke i stadnamn.

Stadnamnemnda i Vang drøfta Språkrådet sitt framlegg til særreglar og uttala frå Nord-Aurdal i møtet sitt 28.11.2017. Vang kommune stiller seg fullt ut bak uttala, og den følgjer som vedlegg.

Med helsing

Vidar Eltun
Ordfører

Reidar Thune
Rådmann

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til: Kartverket, Kulturdepartementet

Side 1 av 1